

Årsmelding 2024

Fjaler

Kommunedirektøren si innleiing

Kommunelova §14-6 og § 14-7 seier at kommunen for kvart kalenderår skal utarbeide årsrekneskap og årsmelding.

Årsmelding for Fjaler kommune gjer greie for forhold som er viktig for å forstå kommunen si økonomiske stilling og resultat i 2024.

Arbeidet med budsjettet for 2024 var svært krevjande. Vi hadde eit innsparingsbehov på kr 18,6 mill for å oppnå budsjettbalanse og om lag 23 mill for å nå eit nettodriftsresultat i samsvar med kommune sitt mål på 1,25% av brutto driftsinntekter. Budsjettet for 2024 vart vedteke med bruk av kr 7,2 mill frå disposisjonsfondet for å oppnå budsjettbalanse.

Hovudutfordring for Fjaler kommune siste åra har vore høg gjeld, auka rentekostnader, auke i driftskostnader utover pris- og lønsvekst, auka bruk av konsulentar og høgt sjukefråvær. Samtidig så hadde vi med oss ein ubalanse i drifta frå 2023, der vi fekk eit negativt driftsresultat på kr 10,7 mill. Etter grundig gjennomgang av økonomien, vedtok kommunestyre før sommaren 2024 eit innsparingsmål for planperioden 2024-2028 på kr 20 mill.

Driftsresultatet for 2024 viser samla driftsinntekter på kr 417,6 mill. Netto driftsresultat er kr 4,1 mill eller 1% av driftsinntektene. Det er 14,7 mill betre enn rekneskapen for 2023 og kr 14 mill betre enn revidert budsjett for 2024.

Investeringsrekneskapen for 2024 viser at vi har ei samla långjeld på kr 498 mill som er uendra sidan 2023. For å redusere gjeldsgraden vart det i 2021 vedteke å ikkje auke gjeldsnivået. Utfordringa med dette er at etterslepet på investeringsbehov aukar. Sjukefråværet er framleis høgt, og på 9,6% i 2024.

Fjaler kommune vedtok i 2021 tre handlingsreglar målt i % av driftsinntektene: netto driftsresultat 1,25%, brutto lånegjeld på 130% (innan 2026), disposisjonsfond på >8%. Netto driftsresultat var med 1% nær målet, brutto lånegjeld er redusert grunna auke i driftsinntektene og er på 109,9% . Disposisjonsfondet har auka med kr 2 mill til kr 38 mill og er på 8,8%. Det betyr at vi har nådd måla for dei tre handlingsreglane.

Alle tilsette gjer ein god og viktig jobb kvar dag for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane og til å utvikle Fjaler kommune.

Kommunedirektøren vil nytte høve til å takke alle tilsette og folkevalde for innsatsen og godt samarbeid i 2024.

Dale 25.3.25

Ola Hovland
Kommunedirektør

Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal fremjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Årsmeldinga skal også vere ei evaluering av mål-oppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringar på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret


Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med underliggende tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringar for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Fellestenester og landbruk
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
- Finansielle føremål

Kommunedirektøren si leiargruppe består av 4 kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef.



Etikk

Fjaler kommune legg stor vekt på å drive ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette.

Kommunen forvaltar samfunnet sine felles midlar og utøver mynde på eit breitt felt. Det verdt derfor sett særst høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar i si utøving av arbeid for kommunen.

Alle tilsette er Fjaler kommune sine representantar utad. Medarbeidarane skal vere merksame på at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldningar til kommunen. Dei skal difor ta aktivt avstand frå, og kjempe mot ein kvar uetisk forvaltningspraksis.

Det betyr at alle pliktar lojalt å halde dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen. Dette inneber òg at alle er lojale mot administrative og politiske vedtak.

Kommunen sine etiske retningslinjer er vedteke av kommunestyre . Denne formulerer kva forventningar som blir stilt til kommunen sine tilsette.

Arbeidet med å revidere arbeidsgivarpolitikk og etisk retningslinjer vil bli starta opp i løpet av planperioden.

Det krev merksemd og opplæring å bli klar over etiske dilemma og jamnleg trening for at alle tilsette arbeider i samsvar med den etiske standarden.

Kommunen har ulike prosessar for å sikre at dei tilsette har føresetnad for å leve opp til den etiske standarden. Dette er alt frå årleg gjennomgang i fellesmøte til del av introduksjonsprogram for nytilsette. I 2024 tok kommunen i bruk nytt kvalitetssystem der lesebekreftelse av dokument vil gje informasjon om at tilsette har lest gjennom gjeldande retningslinjer.

I leiinga sin årleg gjennomgang og i kommunedirektøren sitt svar til revisjon på forhold til risiko, misleghald og etikk eit viktig tema.

Arbeidet med etikk og etiske refleksjon heng tett i hop med ytringsklima i organisasjonen. Tilsette får opplæring i og blir oppmoda om å melde frå om uønska hendingar og avvik.

Kvalitet og internkontroll

Kvalitet og internkontroll

Kommunelova stiller krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Jamfør Kommunelova § 25-2 skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og resultat frå statlege tilsyn minst ein gong pr. år.

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha kultur og system for læring og forbedring. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette. Kommunen har saman med kommunane i SySIKT-samarbeidet gått til innkjøp av nytt kvalitetssystem, Netpower Kvalitet. Avviksmodul og dokumentstyringsmodul vart teken i bruk hausten -24.

Resultat frå strategiske mål og gjennomførte tiltak 2024

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	Mål -24	Resultat-24
Positiv avvikskultur	Tal meldte avvik, alle område	350	342
Risiko- og sårbarheitsanalysar	Tal ROS-analysar, alle område	5	4

Merknad til strategiske mål – avvik: Tilsette melder avvik innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, informasjonstryggleik og personvern. Ny avviksmodul vart teken i bruk 01.10.24. Trass i at berre sakshandsamarar av avvik fekk opplæring i it-systemet har det ikkje vore nedgang i tal meldte avvik. Helse og omsorg melder flest avvik 68%, Oppvekst: 23%, Kommunedirektør m/stab 4%, Teknisk 4%, Kultur, samfunn og integrering: 1%. Det er meldt flest avvik på området Fagleg kvalitet – Legemiddel (132).

Merknad til strategiske mål – ROS analysar: Grunna innføring og bygging av nytt kodeverk i ny risiko-modul har ein ikkje hatt fokus på fasilitering av nye analysar i det gamle kvalitetssystemet.

Andre gjennomførte tiltak frå handlingsplanen 2024

- Opplæring for leiarar i saksbehandling av avvik og som redaktørar i ny dokumentstyringsmodul.
- Det er overført og publisert 870 dokument til ny dokumentmodul.
- Internrevisjon på området: Legemiddelavvik.
- **Brakarundersøkingar:**
 - o Medarbeiderundersøking 10 FAKTOR – for tilsette i kommunen
 - o Bruk av multidose innan legemiddel (Helse og omsorg)
 - o Brakarundersøking innan vaksenopplæring (Kultur og samfunn)
 - o Elevundersøking (7.klasse Våge og Dingemoen og 10.klasse (Våge)
- Kvalitetsgruppa har hatt 5 møter og handsama 31 saker.

Interne revisjonar og interne tilsyn 2024



Område/ansvarleg	Tema	Resultat/status for oppfølging
Kommunedirektøren	Leiinga sin årlege gjennomgang av internkontrollen	Eigen rapport som vert følgd opp med ny revisjon i februar-25
Kommunalsjef helse og omsorg	Internt tilsyn med ekstern leverandør av helsetenester	Eigen rapport som vert følgd opp med ny revisjon i april-25
Kommunalsjef helse og omsorg	Internrevisjon medikamentavvik	Handlingsplan som vert følgd opp i 2025

Eksterne tilsyn og forvaltningsrevisjonar 2024

Tilsynsmynde	Sektor/Tema	Resultat/status for opp
Arbeidstilsynet	Administrasjonen: Kontroll med løns- og arbeidsvilkår i inngåtte kontraktar.	Brot på regelverk og vedtak 03.01.24. Lukka 15.03.24
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/NAV: Tilsyn med oppfølging av krava i arbeidsmiljø-lova om førebygging av psykiske plager	Brot på regelverk og vedtak 10.10.23. Lukka 13.05.24
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/ Heimeetenesta: Tilsyn med krav i arbeidsmiljølova om førebygging av psykiske plager, muskel og skjelettplager	Brot på regelverk og vedtak 07.12.23. Lukka 06.05.24
Vestland revisjon	Helse og omsorg/Barnevern: Forvaltningsrevisjon med HAFS <u>Barnevernsteneste</u>	Oppstart av revisjon 16.12.23. Tilrådingar svart ut i mai-24
Vestland revisjon	Helse og omsorg/Miljøtenesta: Forvaltningsrevisjon, tenester til funksjonshemma	Rapport 16.04.23. <u>Kommun</u> rapporterer til kontrollutval 01.03.25
Arkivverket:	Personal og org.: Tilsyn med arkivhaldet i kommunen	Brot på regelverk og vedtak 15.08.24. Frist for lukking 14.10.24
Statsforvaltar	Oppvekst/PPT: Saksbehandlingstid sakkunnig vurdering	Brot på regelverk og vedtak 02.06.24. Frist for lukking 15.08.24
Statsforvaltar	Oppvekst/ Flekke skule: Kommunen sin internkontroll for å sikre retten til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)	Oppstart okt.-24. <u>Avventer i</u> Statsforvaltar
Mattilsynet	Teknisk: Tilsyn leveringstryggleik Dale vassverk	Brot på regelverk og vedtak 14.11.24. Frist for lukking 01.03.25
Statsforvaltar	Oppvekst: Grunnopplæring/skulemiljø	Beramma april.-25
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/<u>Miljøtenesta:</u> Førebygging av psykiske plager og muskel- og skjelettplager blant tilsette	<u>Beramma</u> jan.-25
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/Sjokeheimen: Førebygging av psykiske plager og muskel- og skjelettplager blant tilsette	Beramma jan.-25
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/Heimeetenesta: Eigenkartlegging av helsetenester til heimebuande eldre	Beramma juni.-25

Planlagde tiltak og mål 2025

- Nytt måltal for meldte avvik: 400
- Nytt måltal for ros-analysar: 15
- Opplæring:
 - meldarar av avvik i det nye kvalitetssystemet
 - verneomboda si rolle i det nye kvalitetssystemet
 - fasilitatorar og ansvarlege for ros-analysar

- Implementering av nye modular i kvalitetssystemet: ROS-analyse, Publikumsportal, Skademodul
 - Utarbeiding av ny dokumentasjon/revisjon av dokument:
 - Revisjon av politisk og administrativt delegeringsreglement
 - Utarbeide strategisk kompetanseplan
 - Revisjon av rutine og skjema for vernerunde
 - Revisjon av rutinar for tilsetjing og oppfølging av nytilsette
 - Følgje opp Branntilsyn 2023 og internrevisjon av Legemiddel 2024.
- Viser elles rapporten frå Leiinga sin årlege gjennomgang av internkontrollen 2024 (Websak 25/1594)

Personal og organisasjon

Likestilling

Likestilling

Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

Likeløn

Gjennomsnittsløna utan funksjonstillegg var kr 551.271 for alle tilsette i Fjaler kommune i 2023. Denne er i 2024 auka til kr 588.979. Kvinnelege tilsette hadde ei gjennomsnittsløn på kr 546.347, medan mannlege tilsette hadde ei gjennomsnittsløn på kr 567.156 i 2023. Desse er i 2024 kr 586.395 for kvinner og kr 596.111 for menn, ei auke frå 2023 på 6,84% samla og ei auke på 7,33% for kvinner og 5,11% for menn. Tal frå SSB viser at den samla auka gjennomsnittsløna i kommuneforvaltninga frå 2023 til 2024 var på 5,4%. For kvinner var den 5,8% og for menn var den 5,5%.

Kjønnsbalanse

	Tal tilsette	Årsverk	Tal tilsette menn	Tal tilsette kvinner	Kvinneandel
2024	346	286,5	92	254	73,4 %
2023	355	288,4	84	271	76,3 %
2022	354	289,5	82	272	76,8 %
2021	345	273	67	278	80,6 %
2020	335	281	66	269	80,3 %

Tal tilsette er redusert frå 2023 og ein har også ein liten reduksjon i tal årsverk. Ein har også hatt ei stor auke i tal tilsette menn og reduksjon i tal tilsette kvinner og ein ser at kvinneandelen er på sitt lågaste i prosent sidan 2020.

Tiltak kjønnsbalanse

Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ein god balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg å få dette til i nokre sektorar. Dette gjeld både på kvinne dominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretekst kjønn gitt like

føresetnadar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men og i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar òg for mannlege arbeidstakarar i desse sektorane.

Heiltidskultur

Oversikt heiltid og deltid for kvinner og menn i perioden 2020 til 2024:

	Tal tilsette	Heiltid kvinner og menn	Deltid kvinner og menn
2024	346	63,6 %	36,4 %
2023	355	56,9 %	43,1 %
2022	354	54,2 %	45,8 %
2021	345	50,7 %	49,3 %
2020	335	45,1 %	54,9 %

Tala viser at vi har heldt fram med den positive utviklinga når det kjem til tal heiltidstilsette. Utviklinga sidan 2020 viser at vi har hatt ei auke på 18,5% i tal heiltidstilsette, dvs. at i 2024 jobbar 63,6% av dei tilsette i Fjaler kommune i heiltidsstillingar.

Tal frå SSB viser at ved utgangen av 2024 hadde 61,8% av dei tilsette i kommunesektoren heiltidsstilling. Fjaler kommune ligg såleis over landsgjennomsnittet for kommunal sektor når det gjeld tal tilsette med heiltidsstillingar.

Oversikt heiltid og deltid fordelt på kjønn i 2024:

2024	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	254	166	88	162	56,34	64,1 %	85,57 %
Menn	92	54	38	53,8	15,3	40,3 %	75,21 %
Sum	346	220	126	214,8	71,64		82,81 %

2023	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	271	159	112	155,6	70,04	62,5 %	83,26 %
Menn	84	43	41	43	19,73	48,2 %	74,71 %
Sum	355	202	153	198,6	89,77		81,23 %

Auka i gjennomsnittleg stillingsprosent for alle tilsette held fram også i 2024 og den er no 81,2%. Til samanlikning er gjennomsnittleg stillingsstørrelse i kommunesektoren 84,3 %. Fjaler kommune ligg såleis under landsgjennomsnittet for kommunal sektor når det gjeld gjennomsnittleg stillingsprosent, men over landsgjennomsnittet når det gjeld tal tilsette med heiltidsstillingar. Helse og omsorg er den sektoren med flest deltidstilsette, der mange tilsette er inne i faste helgestillingar, mindre vikariat eller i vakante stillingar. Tilsette som har søkt om auke i sin stillingsprosent har fått dette innvilga.

Tiltak heiltidskultur

Arbeidsgjevar og dei tillitsvalde er samde om at det skal være årsturnus i helse og omsorg. Årsturnus gjer det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram i tid.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Det er jamlege møter mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde der drøfting av deltidspromblematikk er eit punkt på agendaen. Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidstilsette som ønskjer auke i stilling.

I oppvekstområdet, og for turnusarbeidande i helse og omsorg blir det årleg kartlagt kven som ønskjer auke i stilling. I samarbeid med dei tillitsvalde har arbeidsgjevar valt å sende ut kartlegging over dei med ufrivillig deltid årleg. Med dei føresegna som arbeidsmiljølova set ved fortrinnsrett for deltidstilsette så er det nødvendig for arbeidsgjevar å ha oversikt i tilfelle det skal lysast ut stillingar.

Dei fleste stillingane som Fjaler kommune lyser ut er heiltidsstillingar. Hovudtariffavtalen legg formelle føringar på partane i kommunal sektor når det gjeld arbeid med heiltidskultur. Fjaler kommune som arbeidsgjevar har eit godt og konstruktivt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar når det gjeld heiltidskultur og arbeidet med denne.

Alderssamansetning tilsette i Fjaler kommune pr 31.12. 2024:

Eining	Gjennomsnitt alder	Tal tilsette som er 60 år og eldre	% - tal tilsette som er 60 år og eldre
Kommunedirektøren si leiargruppe	50	1	16,7%
Rektorar, styrarar og leiar PPT	51	2	33,3%
Skule, barnehage og PPT	45	17	14%
Tenesteleiarar helse og omsorg	49	1	16,7%
Helse og omsorg	47	20	14,6%
Kultur og samfunn, integrering, voksenopplæring	37	0	0%
Teknisk, drift, reinhald og brann	46	4	10,5%
Personal og organisasjon og økonomi	48	2	28,6%
Sum	46	47	16,8%

Gjennomsnittsalderen for tilsette i Fjaler kommune er 46 år. Til samanlikning er gjennomsnittsalderen i kommunal forvaltning (kommune Norge) på 44, 4 %.

I Fjaler kommune er gjennomsnittsalderen for tilsette i sektorane oppvekst 45, og i helse og omsorg 47, medan den er 44,1 og 43, 7% i desse sektorane i kommunal forvaltning. Fjaler kommune har altså ein høgre gjennomsnittsalder både totalt sett og i desse to store sektorane dersom ein samanlikna seg med kommunal forvaltning. I sektorane administrasjon og teknisk sektor har Fjaler kommune lik gjennomsnittsalder som det ein finn i kommunal forvaltning.

HMS

Saman med tilsette og tillitsvalde har arbeidsgjevar plikt til å arbeide systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. arbeidsmiljølova § 3-1 og internkontrollforskrifta.

Mål, plan og organisering av HMT arbeidet i Fjaler kommune

Overordna mål HMT 2024

Fjaler kommune skal vere ein trygg og god arbeidsplass med lite risiko for helseskadar, stor grad av nærvær og høg grad av arbeidsglede og trivsel.

DELMÅL

- Alle tilsette i Fjaler kommune bidrar til eit positivt og godt arbeidsmiljø gjennom si åtferd.
- Alle tilsette skal ha grunnleggjande kunnskap om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

- Ingen tilsette skal bli utsatt for arbeidsulykker eller pådrar seg helseskader under utøvelse av tjeneste i kommunen.
- Ingen tilsette skal bli utsett for mobbing, trakassering, vald og truslar.
- Fjaler kommune skal ha trygge tilsettingsforhold og ein meningsfylt arbeidssituasjon for den einskilte.
- Fjaler kommune skal vurdere korleis ein kan legge til rette for fysiske aktivitet i arbeid, jmf AML § 3.4.
- I 2024 skal leiarar og verneombod ha faste kvartalsvise møte, jf. rutine.

Det samla nærvær i Fjaler kommune skal som ein konsekvens aukast til over 93 % i løpet av 2024.

HMT plan og organisering av HMT arbeidet

For å nå HMT mål er det utarbeida overordna HMT plan for Fjaler kommune og ein samarbeidsplan med Bedriftshelsetenesta (BHT). Einingane har utarbeida sine eigne HMT planar og årshjul HMT, med utgangspunkt i dei overordna planane og dei lokale behova.

Ansaret for det systematiske HMT-arbeidet er eit leiaransvar på alle nivå (AML §2.2). HMT-sakar skal løysast på lågast mogleg nivå for å få mest mogleg lokal medverknad frå dei tilsette (AML §2.3). Alle tilsette pliktar å delta i det organiserte verne- og miljøarbeidet, samt å sjå til at internkontrollforskrifta vert halden.

Gjennomførte HMT aktivitetar i 2024

Systematisk HMT

- o Vernerundar i alle einingar/ avdelingar i Fjaler kommune.
- o Risikovurderingar i heimetenesta.
- o AMU møter, verneombod samlingar, faste møter mellom Hovudverneombod (HVO) og personalsjef og kvartalsvise møte mellom leiar og verneombod (Vo).
- o Opplæring i avvikshandtering og nytt kvalitetssystem.
- o Utarbeiding og revisjon av HMT dokument, blant anna revisjon av rutine for vald og truslar.

Fysisk arbeidsmiljø:

- o Registrering av kjemikalie i Eco online

HMT opplæring for:

- o nye verneombod (40 t kurs)
- o alle medlemmar i AMU (40 t kurs)
- o alle leiarar i Fjaler kommune (dagskurs)

Psykososialt- og organisatorisk arbeidsmiljø:

- o 10 faktor medarbeidarundersøking

Sjukefråvær

- o Bistand frå NAV arbeidslivssenter til sjukefråværsarbeid i Våge barnehage
- o Sjukefråvær som tema på leiarsamlingar og fast punkt på HMT årshjul/ personalmøte

Fjaler kommune fekk bistand frå Bedriftshelsetenesta (BHT) til gjennomføring av:

- Risikovurdering av muskel- og skjelettplager og psykiske plager
- Helsekontroll av tilsette på driftssentralen i Fjaler kommune
- Helsesertifisering Røykdykkar
- Arbeidsplassvurderingar på tenestekontoret
- Individoppfølging to tilsette, som eit førebyggjande sjukefråværstiltak

I tillegg har bedriftshelsetenesta bistått Fjaler kommune med råd og veiledning innan HMT.

Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Fjaler kommune består av totalt 6 medlemar. I tillegg er Bedriftshelsetenesta (Avonova) med i AMU. Medlemmane vert valt for ein periode på to år med personleg stadfortredar.

Arbeidsgjevarrepresentantar: I Fjaler kommune har kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg over tid vært faste arbeidsgjevarrepresentantar i AMU, då dei representera dei to største einingane i kommunen. I september 2024 vart kommunalsjef teknisk og Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling valt til faste representantar i AMU, medan kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg er vara.

Arbeidstakarrepresentantar: Utdanningsforbundet og Fagforbundet er faste arbeidstakarrepresentantar i AMU, medan NSF og Delta er vara. Hovudverneombod (HVO) er fast medlem i AMU.

Arbeidsgjevar og representantar frå dei tilsette vekslar med å inneha leiarfunksjonen eitt år om gongen. HVO vart valt som leiar for AMU for perioden september 2024 til september 2025. I førre periode var kommunalsjef Helse- og omsorg leiar for AMU.

Arbeidsmiljøutvalet gjennomførte fire møte i 2024. Ei oversikt over sakene som ein har behandla i AMU i 2024 finn ein nedanfor. I tillegg til desse sakene var det diverseinformasjonssaker/ orienteringssaker.

Organisasjon

- Gjennomgang av vernerundar 2024
- Rapport Ergonomisk arbeidsplassvurdering på tenestekontoret
- Helsekontroll rapport Driftssentralen
- Medarbeidarundersøkinga 10 faktor
- Rapport sjukefråvær 2024
- Rapportering HMT avvik, småskadar og skadar 2024
- Årsrapport 2024 bistand frå Bedriftshelsetenesta

Planar og rutinar

- Overordna HMT plan for Fjaler kommune 2024-2025
- Samarbeidsplan Avonova BHT 2024

- Gjennomgang av nye HMT dokument
- Møteplan AMU 2025

Byggesaker

- Fjaler helsehus- godkjenning i AMU

Anna

- val av AMU medlemmar og leiar for AMU

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	1,94 %	5,22 %	7,17 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,24 %	6,22 %	9,46 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,64 %	6,87 %	9,51 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,18 %	7,44 %	9,63 %

Det totale sjukefråværet i Fjaler kommune

Utvikling i sjukefråværet i Fjaler kommunen i perioden 2021- 2024:

Fjaler kommune	År	Sjukefråvær (legemeldt og eigenmeldt)
Fjaler kommune	2024	9,63%
Fjaler kommune	2023	9,51%
Fjaler kommune	2022	9,41%
Fjaler kommune	2021	7,2 %

Sjukefråvær i Fjaler kommune i 2024

Målet for sjukefråvær i 2024 var <7%.

Det totale sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) i Fjaler kommune i 2024 var på 9, 63% og auka med 0,12% samanlikna med 2023. Kortidsfråværet i 2024 gjekk ned med 0,46%, medan langtidsfråværet har auka med 0,57%, dersom ein samanliknar med tala frå 2023.

I 2024 var det legemeldte fråværet 7,1%, medan det eigenmeldte fråværet var på 2, 53%.

Det høgste fråværet, 10,73% finn vi i Helse og omsorg, men det er ein nedgang med 1.04% samanlikna med tala for 2023. I Oppvekst har fråværet auka frå 8,13% i 2023 til 8,95% i 2024, som er ei auke på

0,82%. Sektorane helse og omsorg og oppvekst hadde forholdsvis like sjukefråværstal i 2022 og i 2023, men dei hadde ei stor auke i sjukefråværet frå 2021 til 2022, og då spesielt langtidsfråværet.

Sjukefråværet i Teknisk sektor var på 9,84% i 2024 og det er ei auke på 2,75%. Teknisk sektor hadde også eit høgt sjukefråvær i 2021, men fekk redusert det i 2022, og hadde kunn ein liten auke i 2023.

Kultur og samfunnsutvikling , inkludert integreringstenesta har ei auke i sjukefråværet på 4,57% frå 2023 (7,48%) til 2024 (12,05%). Sektoren hadde og ei markant auke i fråværstal frå 2022 til 2023.

I einingar med få tilsette, vil ein statistisk sett få større utslag ved fråvær enn i større einingar. Når ein går inn i tala, ser ein at dette kan forklare noko av variasjonane i fråvær.

NAV si oversikt over legemeldt sjukefråvær i Norge, viser at 39% av langtidssjukemelde har sin årsak i muskel- og skjelettplager. Den nest hyppigaste årsaka er psykiske plagar som står for 20% av fråværet. I følge STAMI er årsakene til sjukefråvær samansette, men forskning viser at forhold på arbeidsplassen verkar på fråværet. Det er derfor viktig å ha kunnskap om kva for spesifikke faktorar på arbeidsplassen som kan føre til sjukefråvær, for å kunne gjennomføre målretta førebyggjande tiltak.

For meir informasjon, sjå sektorvis rapportering på sjukefråvær i denne årsmeldinga.

Legemeldt fråvær i kommunesektoren og i Fjaler kommune

SSB sin sjukefråværsstatistikk i kommunesektoren viser eit samla legemeldt fråvær på 7,9 % for 2024. Fjaler kommune sitt legemeldte fråvær i 2024 var på 7,1%.

Tabellen under viser legemeldt fråvær per år sidan 2021. Tala viser at Fjaler kommune gjer det betre alle år i forhold til kommunesektoren, men at fråværet er aukande.

Legemeldt fråvær	Fjaler kommune	Kommunesektoren
År		
2024	7,1%	7,9%
2023	6,6%	7,7%
2022	6,78%	7,7%
2021	5,78%	7,6%

Tabellen under viser legemeldt fråvær kvartalsvis i 2024. Tala viser at Fjaler kommune har eit lågare fråvær samanlikna med kommunesektoren.

Legemeldt fråvær År 2024	Fjaler kommune	Kommunesektoren
1.kvartal	8,2%	8,5%
2.kvartal	7,5%	8,1%
3.kvartal	5,5%	6,5%
4.kvartal	7,6%	7,8%

Inkluderande arbeidsliv

Fjaler kommune har saman med vernetenesta utarbeida handlingsplan (HP) for IA arbeid for perioden 2024- 2025. HP er knytt opp mot dei nasjonale måla for IA for perioden 2019- 2024, med tiltak knytt til reduksjon av sjukefråvær, redusere fråfall frå arbeidslivet og førebyggjande arbeidsmiljøtiltak. Til tross for gode tiltak auka sjukefråværet til Fjaler kommune i 2024, slik det også har gjort på landsbasis.

Ei nasjonal faggruppe for IA arbeid har gitt ut ein rapport som viser at det under pandemien var eit høgt fråvær knytt til luftvegsdiagnosar, men at det no er si stor auke i sjukefråvær knytt til psykiske lidingar og sjukdommar som er allment uspesifisert. Faggruppa utelet ikkje at dette kan vere indirekte effektar etter pandemien, og då som eit resultat av at ein stengde ned, isolasjon og auka arbeidsbelastning i enkelte yrke.

For å redusere fråfall frå arbeidslivet, tek Fjaler kommune jamleg i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemmingar ved behov.

Utfordringar framover og fokusområde 2025

Digital personalhandbok 2024

Fjaler kommune gjekk til innkjøp av ei digital personalhandbok i 2024. Valet falt på KS sitt digitale system som kombinerer oppslagsverket KF infoserie, personal med ei digital personalhandbok. Den digitale personalhandboka gjer kunnskap og retningslinjer lettare tilgjengeleg for leiarar og tilsette i Fjaler kommune og den er mindre ressurskrevjande å oppdatere og vedlikehalde.

Rekruttere og behalde kritisk kompetanse

Det vil bli vanskelegare å rekruttere nødvendig og kritisk kompetanse framover, spesielt innan nokre utdanningsretningar. For å få rekruttert tilsette, må vi stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar med attraktive arbeidsoppgåver. Her vil det mellom anna være viktig å være synlege for potensielle søkjarar og å ha eit godt omdøme. For å behalde våre tilsette må Fjaler kommune jobbe for at ein opplev trivsel, arbeidsglede, engasjement, motivasjon og meistring i sitt arbeid. For å få dette til er det viktig å fokusere på systematisk HMT arbeid, 10 faktor medarbeidarundersøking, kompetanseutvikling og god leiing.

Strategisk kompetanseplan

Arbeidet med strategisk kompetanseplan startar i 2025. Kompetansen til dei tilsette i Fjaler kommune er den viktigaste ressursen for å kunne levere berekraftige velferdstenester med god kvalitet. Eit arbeidsliv med raske omstillingar gjer at alle må rekne med endringar i arbeidsoppgåvene og krav om å tileigne seg

ny kompetanse og nye ferdigheiter. I tillegg vet vi at mangelen på arbeidskraft aukar, og utvikling av eigne tilsette vert vurdert av Fjaler kommune som ein viktig strategi for å dekke kompetansebehova framover. Kompetanse er ein nøkkel til kvalitet for å sikre velferdstenester både i dag og i framtida, og samtidig styrke evna til å fornye tenester og arbeidsformer.

Det er sett ned ei prosjektgruppe med ein representant frå Helse og omsorg, ein frå oppvekst og to hovudtillitsvalte som skal jobbe med strategisk kompetanseplan. Personalsjef er prosjektleiar og prosjektansvarleg. Tilsette i Fjaler kommune blir involvert i prosessen gjennom to tillitsvalt representantar. Medverknad og involvering skal bidra til at ein utviklar eigarskap, interesse og ansvar for planen. Leiinga får verdifulle innspel på kor «skoen trykkjer», og kva strategiar og tiltak for kompetanseutvikling tilsette meiner er nødvendige. Toppleiargruppa er styringsgruppe.

Arbeid med sjukefråvær

Fjaler kommune har framleis høgre sjukefråvær enn det som er målsetninga, og arbeidet med dette vil verte prioritert i 2025. Det er laga ein overordna handlingsplan for korleis vi skal jobbe med sjukefråvær i Fjaler kommune, og sett opp kurs for å auke kompetansen til våre leiarar i sjukefråværsførebygging og sjukefråværsoppfølging I tillegg er det utarbeida materiell til bruk i sjukefråværsarbeidet. Personalsjef og kommunalsjefar vil følgje tettare opp einingar som over tid har hatt høgt sjukefråvær.

Leiaropplæring

Vi fortset med kurskalendar for leiarane våre og felles leiarmøte i 2025. Gode og trygge leiarar er viktig for at Fjaler kommune skal nå sine mål, levere gode tenester til innbyggjarane og for å sikre at våre tilsette opplev arbeidsglede og engasjement i sitt arbeid.

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor

Medarbeidarundersøkinga (MU) 10-Faktor vart gjennomført i oktober 2024. 10-FAKTOR målar medarbeidaren si oppfatning av viktige forhold på arbeidsplassen, og medarbeidaren si haldning til eigen jobb. Undersøkinga bygger på forskning om kva som er viktige faktorar for å ha eit godt arbeidsmiljø, noko som er medverkande til å levere gode teneste til våre innbyggjarar. Undersøkinga er både medarbeidar- og leiingsorientert. Den fangar opp viktige faktorar for medarbeidar/ gruppe/ organisasjon og leiarnivå. Den skal danne grunnlag for utvikling av leiarar, medarbeidarar og organisasjonen. Målet er å gi enda betre tenester til våre innbyggjarar, og parallelt utvikle vårt arbeidsmiljø.

I 2024 har KS organisasjonskonsulent gjennomført tre leiarsamlingar for alle leiarar i Fjaler kommune med personalansvar og det er planlagt ny samling i 2025. Hovudfokuset er knytt opp mot gjennomføring- og oppfølging av 10 faktor, men ein har også hatt fokus på leiing og møteleiing.


I 2025 skal einingane jobba med å analysere resultatet av 10 faktor kartlegginga og velje ut forbettrings- og bevaringsområde. Etter å ha definert mål, vil den enkelte eining utarbeide tiltaksplan med ansvarleg og frist. Målet er at Fjaler kommune får til ei utvikling av våre leiarar, medarbeidarar og organisasjonen og at ein opplever ein meistringskultur.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	2 853	2 823	2 830	2 849	2 832	2 770	2 802	2 885	2 901	2 913	2 869
Fødde	13	22	23	30	20	23	21	28	27	20	35
Døde	40	28	42	32	43	19	20	35	30	26	18
Fødselsoverskot	-27	-6	-19	-2	-23	4	1	-7	-3	-6	17
Innvandring	93	90	102	76	84	88	91	91	110	110	95
Utvandring	99	69	88	88	100	61	17	67	68	108	85
Innflytting, innanlands	88	90	115	94	54	94	90	102	82	60	106
Utflytting, innanlands	85	97	79	96	92	93	82	104	109	100	78
Netto innvandring og flytting	-3	14	50	-14	-54	28	82	22	15	-38	38
Folkevekst	-30	7	32	-16	-76	32	83	16	12	-44	55
Folketalet ved utgangen av kvartalet	2 823	2 830	2 862	2 846	2 770	2 802	2 885	2 901	2 913	2 869	2 924

År



Fjaler kommune har positiv folketalsutvikling frå 2023 til 2024, men det som er ekstra gledeleg er at dersom vi ser folketalsutviklinga over ein periode på 10 år har vi ein auke i folketallet på 3,57%. Trenden er at vi har vekst i området Dale og Flekke medan utkantane i kommunen har folketalsnedgang. Det er spesielt verdt å merke seg det fantastiske fødselstalet i 2025!

Vi har ikkje måloppnåing i høve samfunnsdelen sitt ambisiøse mål om ein folketalsauke på 15% innan 2025. Vi har heller ikkje veksten innanfor aldersgruppa 20-40 år.

Årsmelding 2024


I perioden 2015-2025 har vi hatt ein auke i folketalet på 101 personar, men utfordringa er at auken er komt i aldergruppa 67+. Dette er ikkje uventa, og er ein nasjonal trend, men utkantkommunar som Fjaler opplever det i høgere grad enn større kommunar der ein har meir tilflytting. Denne trenden kjem til auke og ut frå befolkningsprognosen når «eldrebølga» sin topp i Fjaler i år 2038. Det betyr at vi framover må planlegge for eit auka hjelpebehov i denne aldersgruppa og vri ressursbruken frå oppvekstsektoren over til eldreomsorg. Dette er ei vanskeleg øving, vi opplever i dag at behovet også innafor denne sektoren er aukande.

Under ser ein befolkning fordelt på grunnkretsane i kommune og utvikling siste 10 åra

Befolkningsutvikling per bydel/kommunedel										
Kommunedel	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Dale - Guddal	2 807	2 821	2 859	2 845	2 770	2 799	2 883	2 901	2 916	2 865
Flekke - Espedal	464	469	486	456	442	463	533	547	566	554
Hovlandsdal	55	52	46	47	49	52	50	41	41	43
Guddal - Heggheim	115	114	113	112	101	109	107	114	118	113
Øvre Vassdalen	70	65	65	67	67	65	62	56	58	55
Nedre Vassdalen	181	185	184	184	167	159	156	147	143	147
Bjerga - Børthelm - Jærstad	519	515	530	549	528	526	521	526	532	519
Dale - Slettealand	472	484	500	507	523	525	521	532	541	557
Sagevik - Yksnebjør	274	300	300	303	283	301	312	326	320	315
Fure	90	85	81	71	68	59	67	68	67	70
Folkestad	70	73	71	72	73	69	79	71	71	63
Våge	197	190	188	185	189	187	194	194	191	187
Lone	117	115	119	119	121	118	112	113	100	97
Gjelanger	148	140	144	138	127	129	129	127	132	117
Tyssedal	35	34	32	35	32	37	40	39	36	28

Syssetsetjingsstatistikk 2024

Syssetsette fordelt på næring



Fjaler kommune har hatt ein nedgang i sysselsetjinga frå 2023-2024 frå 1 360-1323. Dersom ein ser tala i ein periode over 5 år har vi ein auke på 8. Den største nedgangen finn vi innafor sekundærnæringa og Helse- og sosialtenester.

	Sysselsatte personer etter arbeidssted				
	2020	2021	2022	2023	2024
K-4646 Fjaler					
00-99 Alle næringer	1 315	1 344	1 365	1 360	1 323
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	122	124	117	97	93
05-43 Sekundærnæringer	192	202	225	234	210
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	355	360	334	336	334
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	53	52	57	46	49
85 Undervisning	195	187	192	199	201
86-88 Helse- og sosialtjenester	363	392	411	412	399
90-99 Personlig tjenesteyting	25	23	23	32	32
00 Uoppgitt	10	4	6	4	5

Tabell 13472

I tabellen under ser ein sekundærnæringa opplista. Ein kan sjå at det er innafor industri og bygg- og anleggsvirksomhet vi har hatt størst nedgang.

	Sysselsatte personer etter bosted				
	2020	2021	2022	2023	2024
K-4646 Fjaler					
05-09 Bergverksdrift og utvinning	42	40	49	45	45
10-33 Industri	72	71	66	68	60
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	19	19	18	19	20
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	137	149	163	151	142

Tabell 13470

Økonomirapportering drift

Regnskapsprinsip

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsip jf. Kommunelova §14 med tilhøyrande forskrift. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året.

Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknytning til investeringar og utlån samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nullt ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdstakrarar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det vil sei at det ikkje er gjort inntekter for tilhøyrande utgifter og då heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette fører til at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett beløp.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale inntekter	-260 900	-289 379	-293 218	-288 859	-4 360	-1,5 %
Sentrale utgifter	-23 352	1 725	-4 928	258	-5 186	-105,2 %
Netto finansutgifter og inntekter	-2 630	2 314	5 254	1 292	3 962	75,4 %
Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	-12 883	-7 414	-6 332	2 685	-9 018	-142,4 %
Til disposisjon	-299 765	-292 755	-299 225	-284 623	-14 602	-4,9 %
Forvaltning og fellestenester	23 814	29 748	30 071	20 154	9 916	33,0 %
Oppvekst	99 600	97 003	103 884	101 873	2 012	1,9 %
Helse og Omsorg	126 486	128 171	129 374	125 945	3 429	2,7 %
Kultur og samfunnsutvikling	1 779	-604	-118	-89	-29	-24,5 %
Teknisk	26 659	20 131	21 722	19 887	1 835	8,4 %
Finansielle Føremål	25 576	18 306	14 292	16 852	-2 561	-17,9 %
Sum disponering	303 914	292 755	299 225	284 623	14 602	4,9 %
Meirforbruk +/mindreforbruk -	4 149	0	0	0	0	0,0 %

Tabellen over viser at sektorane samla sett kom ut med ei mindreforbruk på kr 14,6 mill. , men her må vi korrigere for sentrale utgifter som er premieavvik og amortisering, sli at det faktiske mindreforbruket utgjer kr 11,97 mill.

Fjaler kommune har hatt ein krevjande økonomisk stilling over fleire år, at einingane no leverer slike resultat vitnar om god budsjettdisiplin.

Viser elles til kommentarar frå sektorane for meir utfyllande informasjon og forklaringar på avvika.

KOSTRA hovudtall

	Fjaler 2023	Fjaler 2024	Kostragruppe 05
Prioritet			
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	11,0 %	10,7 %	14,3 %
Økonomi			

Årsmelding 2024

Brutto driftsinntekter i alt Beløp (1000 kr)	393 788	431 132	17 789 268
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	137 256	147 446	151 786
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-3,8 %	0,9 %	-1,5 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	142 473	146 107	154 087
Brutto driftsutgifter totalt Beløp (1000 kr)	408 756	427 216	18 059 000
Frie inntekter i kroner per innbygger **)	68 328	69 882	70 823
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	126,5 %	115,5 %	95,3 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-3,0 %	0,8 %	-0,7 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger **)	79 622	80 050	88 029
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	164 293	162 062	115 445
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	119,7 %	109,9 %	76,1 %

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-142 773	-155 869	-153 144	-153 634	489	0,3 %
Inntekts- og formuesskatt	-104 802	-108 372	-112 319	-109 491	-2 828	-2,5 %
Eigendomsskatt	-8 032	-10 687	-10 517	-10 488	-29	-0,3 %
Investeringsstilskot	-1 025	-850	-850	-1 151	301	35,4 %
Produksjonsavgift på Vindkraft	-3 677	-10 184	-14 141	-11 847	-2 294	-16,2 %
Andre statlege overføringer	-591	-3 417	-2 247	-2 247	0	0,0 %
Sum Frie disponible inntekter	-260 900	-289 379	-293 218	-288 859	-4 360	-1,5 %

Det ligg ein koblingsfeil i tabellen over. Det vil sei at på posten som heite "produksjonsavgift på vindkraft" er inntektene knytt til havbruksfond ført. Posten "Andre statlege overføringer" gjeld produksjonsavgift knytt til vindkraft.

For regnskapsåret 2024 opplevde Fjaler kommune ei svikt i dei sentrale inntektene på kr 4,36 mill.

Historisk sett har kommunane dei siste åra opplevd å få høgare skatteinngang enn kva prognosane frå finansdepartementet har vist. I 2024 opplevde vi svikt i både rammetilskot og skatteinntekter, men etter innspel til regjeringa frå KS om den alvorlege situasjonen i kommuneøkonomien vart det gjort ei ekstrabevilgning til kommunane på slutten av året.

Fjaler kommune mottok kr 2,6 mill i ekstrabevilgning, dette medførte at vi kom ut i balanse på rammetilskotet.

Vi justerte budsjettet på havbruksfond etter prognose som kom pr 2. tertial, men den svikta, difor fekk vi kr 2,3 mill mindre i inntekter enn det som låg til grunn i revidert budsjett.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale utgifter						
Felles pensjon	-23 352	-4 428	-4 928	258	-5 186	-105,2 %
Lønnsreserve	0	6 153	0	0	0	100,0 %
Sum Sentrale utgifter	-23 352	1 725	-4 928	258	-5 186	-105,2 %

Dette meirforbruket må ein sjå i samanheng med resultatet på sektoren Forvaltning og fellestenester som har ein mindreforbruk på 9,9 mill,

Sentrale utgifter vert på dette ansvarområdet men blir trek ut som egne postar her i rapporteringa. Meirforbruket på pensjon er dekket opp med at kommunen har brukt av premiefondet til å dekke pensjonspremien slik at dersom ein ser pensjonsutgifta samla sett på kommunen kjem ein ut med eit mindreforbruk på ca kr 1 mill.

Lønnsreserven vert budsjettert sentralt men flytta ut på sektorane etter at lønsoppgjeret er klart i mai, difor viser revidert budsjett her kr 0, sektorane har fått tilsvarende auke i sine budsjett.

Løn i % av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i faste lønsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekket. Reduksjon i lønsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.

	2020	2021	2022	2023	2024
Løn og sosiale utgifter % av brytt driftsinntekter	64,73%	66,90%	60,68%	65,10%	64,63%

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre. Bakgrunnen for at tala variere annakvart år er at utbetalinga frå Havbruksfondet ikkje er årleg.

I 2022 var Fjaler kommune nede på ein andel på 60,68%, dette skuldast den ekstraordinære inntektsauken vi hadde på skatteinntektene, nivået har normalisere frå 2023.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						

Årsmelding 2024

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Renteinntekter	-3 605	-2 676	-2 676	-3 235	559	20,9 %
Utbytter	-10 794	-12 543	-9 603	-9 603	0	0,0 %
Renteutgifter	15 975	18 817	18 817	18 413	404	2,1 %
Avdrag på lån	15 955	16 736	16 736	16 165	571	3,4 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	17 532	20 334	23 274	21 740	1 534	-6,6 %

Finansinntektene til kommunen utvikla seg betre enn det som var lagt til grunn i revidert budsjett.

Renteinntektene var høgare enn det som låg til grunn i budsjett, men her har vi sett av kr 0,8 mill bundne drifts- og investeringsfond slik at resultateffekten på driftsrekneskapen er -0,241 mill.

Avdragsbelastninga er noko under budsjett, men vi har betalt det lova seier om minumsavdrag på kommunen si låneportefølje, i tillegg vart renteutgiftene lågare enn det som låg til grunn i budsjettet. Korrigert for avsetningane til bundne fond er resultatet kr 0,734 mill. betre enn budsjett.

Fjaler kommune mottok følgjande utbytte i 2024

Selskap	Beløp 2024	Beløp 2023
Eviny AS	-7 921	-10 793
Sogn og Fjordane Holding AS	-1 492	0
Firda billag	-95	0
Gjensidigestifelsen	-95	0
Sum Utbytte 2024	-9 603	-10 793

Då vi la budsjettet for 2024 la vi utbytte frå Eviny på same nivå som i 2023, det vart ikkje fasiten og utbytte frå selskapet vart redusert frå kr 10,8 mill i 2023 til kr 7,9 mill i 2024. Vi justerte budsjettet for dette ved 1. tertial. Det betyr at vi ikkje har avvik på denne posten målt mot revidert budsjett

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Avsetninger til disposisjonsfond	2 790	0	4 515	4 515	0	0,0 %
Saldering - Bruka av disposisjonsfond	-15 673	-7 414	-10 847	-1 829	-9 018	-83,1 %
Saldering - Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0,0 %
Netto avsetnader	-12 883	-7 414	-6 332	2 685	-9 018	-142,4 %

Når vil la opprinneleg budsjett for 2024 mått vi legge inn bruk av disposisjonsfond med kr 7,4 mill for å balansere drifta, dette vart auka til kr 10,8 mill etter handsaming av 1 tertial. Hovudårsaka til auken var svikt i utbytte frå Eviny.

Sidan einingane har levert gode resultat i 2024 vart behovet for å bruke av fondet redusert til kr 1,8 mill. I tillegg fekk vi tilbakeført kr 4,5 i forskotterte spelemidlar som gjaldt fotballhallen til Dale IL.

Saldo på Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2024 på kr 38,87 mill

Tabellen under syner ei oversikt over uteståande forskotteringa som er gjort frå disposisjonsfondet.

Uteståande forskotteringar	Beløp
Dale Ungdomslag spelemidlar	1 630
Dale Skateklubb forskottering MVA	444
Dale skateklubb Spelemidlar	983
Svint IL Forskottering MVA	337,6
Svint IL Spelemidlar	733
Vener av Nilbua spelemidlar	102
Fure IL spelemidlar	700
Sum uteståande forskotteringar	4 929,6

Estimert saldo på fondet når forskotteringane er tilbakeført er kr 43,8 mill

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-2 983	-1 528	-1 241	-1 837	596	48,1 %
Bruk av disposisjonsfond	-15 673	-7 414	-10 847	-2 247	-8 600	-79,3 %
Sum bruk av avsetnader	-18 656	-8 942	-12 088	-4 084	-8 003	-66,2 %
Avsetninger						
Overføring til investering	1 440	0	500	457	43	8,5 %
Avsetninger til bundne driftsfond	2 964	20	413	3 174	-2 761	-668,4 %
Avsetninger til disposisjonsfond	2 790	0	4 515	4 515	0	0,0 %
Sum avsetnader	7 194	20	5 428	8 146	-2 718	-50,1 %
Netto driftsresultat	15 610	8 922	6 660	-4 062	10 721	161,0 %
Sum driftsinntekter	-376 443	-381 644	-396 650	-417 536	20 887	5,3 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-4,1 %	-2,3 %	-1,7 %	1,0 %	51,3 %	0,0 %

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å eigenfinansiere investeringar og bygge opp reserver. TBU ha berekna at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, men at ein bør gjere lokale vurderingar knytt til fastsetjing av målalet. Fjaler kommune har eit mål at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%.

Årsmelding 2024

I 2024 fekk Fjaler kommune ei positivt netto driftsresultat på 1%. Uavhengig av at vi ikkje når anbefalinga frå TBU eller vårt eige måltal er det svært gledeleg, tatt i betraktning at vi budsjetterte med eit negativt netto driftsresultat på -1,7%

Måltal: Kommunestyret i Fjaler har vedteke at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%.

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sentrale inntekter				
Rammetilskudd	-142 773	-153 634	-155 869	-153 144
Inntekts- og formuesskatt	-104 802	-109 491	-108 372	-112 319
Eigendomsskatt	-8 032	-10 488	-10 687	-10 517
Havbruksfond	0	0	0	0
Investeringsstilskot	-1 025	-1 151	-850	-850
Produksjonsavgift på Vindkraft	-3 677	-11 847	-10 184	-14 141
Andre statlege overføringar	-591	-2 247	-3 417	-2 247
Sum Sentrale inntekter	-260 900	-288 859	-289 379	-293 218
Netto finansutgifter og inntekter				
Motpost avskrivninger	-20 162	-20 448	-18 020	-18 020
Renteinntekter	-3 605	-3 235	-2 676	-2 676
Utbytter	-10 794	-9 603	-12 543	-9 603
Renteutgifter	15 975	18 413	18 817	18 817
Avdrag på lån	15 955	16 165	16 736	16 736
Sum Netto finansutgifter og inntekter	-2 630	1 292	2 314	5 254
Sentrale utgifter				
Felles pensjon	-23 352	258	-4 428	-4 928
Lønnsreserve	0	0	6 153	0
Netto finansutgifter	-23 352	258	1 725	-4 928
Sum sentrale inntekter og finansposter	-286 883	-287 308	-285 341	-292 893
Tenesteområda - drift	282 331	262 799	276 242	281 533
Netto driftsresultat	-4 552	-24 510	-9 098	-11 360
Sum driftsinntekter	-376 443	-417 536	-381 644	-396 650
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,2 %	5,9 %	2,4 %	2,9 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetninger til disposisjonsfond	2 790	4 515	0	4 515
Saldering - Bruka av disposisjonsfond	-15 673	-1 829	-7 414	-10 847
Netto avsetninger - sentrale poster	-12 883	2 685	-7 414	-6 332
Overføring til investering	1 440	457	0	500
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-19	1 337	-1 508	-828
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-418	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	1 421	1 376	-1 508	-328
Sum sentrale inntekter og finansposter	-11 462	4 062	-8 922	-6 660

Langsiktig gjeld

Fjaler kommune har vedteke ei målsetjing om at innan år 2026 skal gjelds grada til kommunen ligge på 130 % av brutto driftsinntekter. Ved utgangen av 2024 er gjeldsgrada til kommunen på 109,9% mot 129,4% ved utgangen av 2023.

Når det gjeld målsetjinga til Fjaler kommune er ei gjeldsgrad på 130% langt over det som er anbefalt, men vi har ei veldig høg lånegjeld, og gjeldsgrada var på 145% då vi vedtok målalet, og er basert på det vi meinte var realistisk på det tidspunktet.

Handlingsregelen som vart vedteken var at vi ikkje skulle ha netto auke i lånegjelda til kommunen i perioden fram til 2026, det har vi klart så langt. Men sidan inntektene som vi måler gjelda mot har auke ein del i perioden har gjeldsgrada gått vesentleg ned frå nivået den var på. Det betyr at målalet knytt til gjeld må reviderast. Trass i at vi har fryst lånegjelda har kapitalkostnadane auka dei siste åra som følgje av auka rentenivå. Det betyr at vi framleis brukar ein stor ande av driftsmidlane til kapitalkostnader. Vi må framover få ned gjelda ytterlegare slik at vi klarer å skape eit handlingsrom i drifta og eigenfinansierte meir av framtidige investeringar.

Gjeld og utlån

Lånegjelda er ved utgangen av 2024 på kr 497,86 mill. , dette er ein liten reduksjon i høve 2023 på kr 0,15 mill

Det er i løpet av 2024 betalt kr 16,16 mill i ordinære avdrag på kommunen si låneportefølje og kr 0,68 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2023 fastrente på 41,8 % av låna i porteføljen.

Ved utgangen av året var gjennomsnittsrenta i porteføljen 3,97 %.

Referanserenta låg på 4,65 % medan 3 mnd. Nibor var 4,68%.

Porteføljen sin durasjon var ved utgangen av 2024 på 1,0 år

Instrument	Volum	Forfall	Renter	% av porteføljen
Sparebank 1 Markets sertifikat	85 012	2025	5,02 %	17,07 %
Danske Bank Flytande rente	65 280	2025	5,15 %	13,11 %

Årsmelding 2024

DNB Sertifikat	67 859	2025	4,83 %	13,63 %
Kommunalbanken fast rente	100 000	2028	3,70 %	20,08 %
Sparebank 1 Markets sertifikat	61 257	2025	4,93%	12,19 %
Kommunalbanken fast rente	108 346	2026	1,61 %	21,76 %
Husbanken 6114	23	2029	4,67 %	0,01 %
Husbanken 6118	323	2029	4,67 %	0,08 %
Husbanken 6119	318	2030	4,67 %	0,08 %
Husbanken 6121	568	2030	4,67 %	0,13 %
Husbanken 6122	1 266	2032	4,67 %	0,28 %
Husbanken 6123	1 350	2035	4,67 %	0,28 %
Husbanken 6124	2358	2039	4,67 %	0,50 %
Husbanken 6125	3 908	2043	4,67 %	0,80 %
Sum låneportefølje	497 868		3,97 %	100,00 %

Totalt disponerte ubrukte lånemidler ved utgangen av året er på kr 14,9, dette er ein reduksjon i høve 2023 på kr 2 mill.

Oppfølging handlingsregler

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Indikator

KOSTRA 2021

KOSTRA 2022


Regnskap

Resultat/Prognose
Resultat/Budsjett
Handlingsregel

0
1,2
1,3

0,0
7,7
1,3

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Indikator


KOSTRA 2021

KOSTRA 2022

Regnsk

Resultat/Prognose	0	0,0
Resultat/Budsjett	138,4	128,3
Handlingsregel	130,0	130,0

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Indikator

KOSTRA 2021

KOSTRA 2022

Regnsk

Resultat/Prognose	0	0,0
Resultat/Budsjett	6,1	13,5
Handlingsregel	8,0	8,0


Oppfølging av klima

Klima og miljø


I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skulle reviderast i 2021, men arbeidet er ikkje kome skikkeleg i gang grunna prioritering av mellom anna kommuneplanen sin arealdel. Ein har likevel delteke aktivt i fylkeskommunen sitt klimanettverk samt søkt og fått innvilga tilskot til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.

Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor byggjer på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

Mål 1- Redusere utsleppet av klimagassar



Grafen i figuren til venstre ovanfor viser direkte klimautslepp i Fjaler for 2022, fordelt på utsleppskjelder. Data for 2023 eller 2024 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslepp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslepp kan skje. Grafen til høgre i ovanfor viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslepp.



Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og frå 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2020 – 2024 er fleire av bilane skifta ut og erstatta med elbilar og nokre hybrid. Ved utskifting av leasingbilar etterkvart som leasingavtalane går ut framover vil ein i skifte til elbilar og ladbar hybrid der elbil ikkje er optimalt for drifta. Det er etablert fleire ladepunkt tillegg til at det er tilrettelagt for ladepunkt ved fleire offentlege parkeringsplassar.

Felleskøyring til kurs og møter blir brukt så langt det passar og i både 2020 og 2021 har det vore mykje mindre reiser enn elles grunna Korona restriksjonar. Fysiske møter og samlingar er erstatta med digitale møter som har gitt ein stor nedgang i tal reiser samt gitt innsparte arbeidstid som tidlegare gjekk vekk i reisetid. Fysiske møter har igjen auka i 22/23, digitale møter og webinar har auka vesentleg siste åra.


Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbyggjarane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

Mål 2- Redusere den kommunale energibruken

I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimate, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til.

Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, førskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturbygg.

Energibruk komm. eiendomsforvaltn., egne bygg



	2021	2022
Fjaler	3 056	3 017

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket gradvis gått ned dei siste åra. Frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017 var det ein auke, men sidan 2017 har det gradvis gått ned, med størst reduksjon for 2023 og 2024.

Fjaler sjukeheim fekk ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi, radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når anlegget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Nybygg som Våge barnehage, Dingemoen skule og beredskapsbygget er alle bygd etter gjeldande energikrav med energieffektive anlegg og løysingar som bidreg til reduksjon av energibruken. Dingemoen skule er i energiklasse A.

Når det gjeld kommunale veglys har ein hatt ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder og nesten alle er no utskifta til led-lys. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys og no i 2024 nesten alle armatur utskifta. Straumutgiftene er som følge av utskiftninga redusert med over 40% dei siste tre åra.

Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse anlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Vindparken på Lutelandet vart utbygd i 2021 og produksjonen av straum starta opp på slutten av året.

Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet

Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019. Innsamling av matavfall har oppstart i februar 2023. Frå 2025 vert det krav til sortering og gjennvinning av tekstilar og det kjem nye krav til gass og metall innsamling frå 1 juli 2025. SUM vil tilby eigen dunk for gass og metall.


EU-direktiv krev minst 65% materialgjennvinning frå 2035 og status i SUM for 2024 er 31%

Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører slamtømming, og kommunen må følge opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i omnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registreristar at det er ein jamn utskifting til meir miljøvenlege omnar i private hushaldningar.

Innsamling av plast har og hatt stort fokus og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

Mål 5- Redusere avfallsmengdene


Sunnfjord Miljøverk sitt hovudfokus er å sikre at avfall blir handtert på ein miljøvennleg måte for menneske, dyr og naturen. SUM skal jobbe aktivt for å bidra til å redusere avfallsmengd, legge tilrette for gjenbruk og materialgjennvinning.



SUM sin strategi for 2023 - 2026 henta frå presentasjon frå SUM i kommunestyremøte 20. mars 2025.

Utslipp fra avf

Kilde: M



Kilde: Miljødirektoratet. Utslippene har enhet CO₂-ekvivalenter, som betyr at utslippene for hver gass vektet etter gassens globale oppvarmingspotensial (GWP).

Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådeling av tomtar og byggesakshandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartlegging dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggesaker. Faresoner og aktsemdsoner er innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sin overordna beredskapsplan inneheld også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.


Oppsummering:

Det er fortsatt eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå dei siste åra viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	Fjaler
Luftfart	0,0
Industri, olje og gass	0,0
Sjøfart	2 732,8
Veitrafikk	2 398,7
Avfall og avløp	190,7
Annen mobil forbrenning	1 048,5
Energiforsyning	0,0
Jordbruk	9 160,8
Oppvarming	353,6

Sum 15 885,2

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	414,7	295,4	361,2	353,3	286,4	281,8	287,4	306,1	353,6
Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	203,6	399,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sjøfart	1 867,3	1 842,7	1 843,4	2 026,2	1 872,1	2 010,5	2 335,9	2 576,2	2 732,8
Avfall og avløp	272,3	256,8	247,2	240,6	209,1	204,3	217,3	208,9	190,7
Veitrafikk	2 940,0	2 912,7	2 742,8	2 542,0	2 642,4	2 507,8	2 352,6	2 425,0	2 398,7
Annen mobil forbrening	1 251,2	1 281,4	2 559,2	2 443,6	1 789,6	1 817,5	1 226,0	1 124,8	1 048,5
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	9 605,4	9 640,1	9 629,3	9 300,1	9 174,2	8 865,4	9 069,2	9 188,8	9 160,8
Sum	16 350,8	16 229,0	17 383,1	17 109,4	16 372,8	15 687,3	15 488,3	15 829,7	15 885,2

Utslepp av klimagassar per gass

Grafen viser sum utslepp fordelt per sektor og type utslepp

Årsmelding 2024




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2022
Luftfart	0,0
Oppvarming	353,6
Industri, olje og gass	0,0
Sjøfart	2 732,8
Avfall og avløp	190,7
Veitrafikk	2 398,7
Annen mobil forbrenning	1 048,5
Energiforsyning	0,0
Jordbruk	9 160,8
Sum	15 885,2

Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Fjaler	5,7	5,7	6,1	6,0	5,8	5,7	5,5	5,5	5,5
Kostragruppe 05	19,3	20,2	20,2	20,7	20,7	19,8	20,4	21,1	21,3
Sum	25,0	26,0	26,4	26,7	26,4	25,5	25,9	26,6	26,8

Klimaregnskap

Gjennomsnittleg klimafotavtrykk



Highcharts.com

Kommunen sine tenesteområde

Forvaltning og fellestenester

Beskriving av tenesteområde

I denne sektoren ligg fellestenester for kommunedirektøren og utgifter til interkommunalt landbrukskontor.

Ansvar 100 – kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, personal og organisasjon, tillitsvalde, folkehelsekoordinator, sekretariat for regionrådet og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja og kjøp av fellestenester knytt til ikt, juridisk bistand, revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet.

Landbruk er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Askvoll (40%), Fjaler (40%) og Hyllestad (20%) der Askvoll er vertskommune.

Overordna mål

Fjaler kommune skal som organisasjon og arbeidsgjevar jobbe målretta for å

- vere ein veldriven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde brukarar, tillitsvalde og folkevalde
- Jobbe for ein sunn og bøkraftig økonomi

Tiltak for å nå måla:

- Vere ein attraktiv arbeidsgjevar med solid omdøme
- Rekruttere tilsette med fag- og høgskuleutdanning
- Vere ein inkluderande arbeidsplass med fokus på eit godt arbeidsmiljø og gode tenester
- Førebygge sjukefråvær og legge til rette for kompetanseheving og styrking av kvar enkelt medarbeidar sitt utviklingspotensiale
- Vidareutvikle eksisterande interkommunale samarbeid og jobbe vidare for utvikling av nye samarbeid
- Effektivisere tenestene og ha eit kontinuerleg fokus på forbetringar i eigen organisasjon

Viktige hendingar

Her blir kommentert aktivitetar utover ordinær drift som har vore fokusområde i 2024

Aktivitet	Kommentar
Innføring nytt kvalitetsystem	Vi har teke i bruk nytt kvalitets-system og all dokumentasjon er flytta over. Avviksmodulen er teken i bruk. No arbeidar ein vidare med kodeverk knytt til ROS modulen.
Innføring nytt krisestøtteverkty	Dette er kommunen sitt system for å handtere kriser, her loggfører vi, samhandlar med andre kommunar, statsforvaltarar og andre som etatar som er ein del av krisehandteringa. DSB

Årsmelding 2024

	køyrde felles anbud for alle og systemet RAYVN vart valt. Vi starta arbeid og opplæring haust 2023. i 2024 har vi hatt fleire øvingar med Statsforvaltaren slik at vi skal vere trygge på bruken. Dette er ei stor forbetring og viktig for at vi skal bli gode og kunne bruke systemet når verkeleg gjeld.
Oppstart bygge intranett	I desember 2023 starta ei lita gruppe å jobbe med oppbygging av intranett i Teams for Fjaler kommune. Gruppa avslutta arbeidet og vi publiserte intranettet hausten 2024
Framsikt	Kommunen har teke i bruk Framsikt, men det er framleis mykje å jobbe med i systemet. Det vi ser er at systemet har høg brukarterskel og vi har brukt mykje tid på opplæring og kvalitetssikring. Vi har framleis ikkje teke i bruk modulen for verksemdstyring og politikk.
Framsikt planmodul	Fjaler kommune har teke i bruk planmodulen. Her skal alle kommunale planar utarbeidast. vi håpar at dette vil føre til ei meir heilheitlege styring og samanheng mellom kommunen sine planverk, inkludert kolbing mellom planane sine handlingsdeler og kommunen sin økonomiplan.
Elektronisk personalhandbok	Vi publiserte ny elektronisk personalhandbok for dei tilsette i Fjaler kommune hausten 2024.
Oppretting av Nyttas	Delar av administrasjonen har brukt mykje tid på prosessen knytt til oppretting av nytt næringssselskap for Fjaler kommune
Tilsyn Arkiv	Vi har hatt tilsyn på arkivet til kommunen. Dette arbeide har krevd mykje av tida til arkivansvarleg og vil gjere det også framover i arbeidet med å lukke avvika som blei avdekket
Innsparingsarbeidet	Dette blir det jobba kontinuerleg med i alle sektorar. Det har blitt gjennomført mykje analysearbeid i 2024 slik at vi får avdekket områder med størst potensial. Viktig å kartlegge nosisituasjon før vi set iverk tiltak for framtida.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
100-Kommunesdirektør	21 745	18 328	28 076	9 748	34,7 %
650-Landbrukskontoret	2 069	1 826	1 995	168	8,4 %
Sum	23 814	20 154	30 071	9 916	33,0 %

Kommentar til status økonomi

Tabellen over gir noko misvisande informasjon sidan tala for årets premieavvik og amortisering blir rapportert for seg sjølv i framsikt, medan i regnskarpen ligg det inne i denne sektoren. Det vil sei at samla mindreforbruk på sektor 10 Forvaltning og fellestenester er på kr 4,7 mill.


Svikt inntektene knytt til årets premieavvik må sjåast i samanheng med amortisering og bruk av premiefond, det vil sei at vi samla på desse berekningane kom ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5,15 mill. Dette igjen må sjåast i lag med dei totale utgiftene knytt til pensjon som er ført ute på ansvarsområda. Samla sett har Fjaler kommune eit mindreforbruk i begge ordningane (SPK og KLP) på kr 1,2 mill.

Elles på området er dei fleire mindre avvik, men vi ser at utgiftene knytt til IKT har det høgste avviket om ein ser vekk frå pensjon. Det skuldast at utgifter knytt til spesielt lisensar aukar utover løn- og prisvekst.

Lanbruksforvaltninga hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0,16mill. Dette skuldast vakanse og permisjonar. Det er vanksleg å ta inn vikarar i korte periodar i slike stillingar. Vakasne medfører mindre aktivitet i eininga og at belastninga blir større for dei andre i kontoret.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Fjaler 2023	Fjaler Kostragruppe 2024	05
Prioritet			
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	6 354	6 440	6 441
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	401	449	711
Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	383	366	539
Den norske kirke nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	1 308	1 308	1 137

Årsmelding 2024

Kommunale kulturbygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	76	353	536
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	417	436	275
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)	144	131	145
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	688	630	870
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	290	238	219
Dekningsgrad			
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	73,4 %	72,6 %	74,3 %
Økonomi			
Utgifter til driftsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr)	456	425	758
Utgifter til renholdsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr)	148	171	199

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	0,69 %	4,07 %	4,76 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,21 %	0,45 %	1,66 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,37 %	1,85 %	3,22 %
Årleg sjukefråvær 2024	0,92 %	2,27 %	3,19 %

Status sjukefråvær og HMS

Denne sektoren har eit lågt sjukefråvær, samla for året 3,19%. Vi har god oversikt over gråveret. Vanskeleg å kommentere sidan her er få tilsette og ei sjukmelding utgjer stor prosentvis auke.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Fjaler kommune har gjennomført 10 faktor medarbeidarundersøkin i 2025, og tilsette jobbar i lag med sine leiingar jobbar no med tiltak. Det er viktig å få kartlagt korleis tilsette opplever sin arbeidskvardag, og vi håpar generelt at dette arbeidet fører til meir nærver.

Oppvekst

Beskriving av tenesteområde

Oppvekst dekkar tenesteområda:

Årsmelding 2024

Tre skular der to av desse er 1-10 skular. Fire barnehagar, der den eine er privat barnehage. Vi hadde i 2024 også ansvar for vaksenopplæringa og denne var administrativt tilknytt Dingemoen skule. Frå 2025 vil vaksenopplæringa gå over til Kultur og samfunnsutvikling.

Oppvekst er også arbeidsgjevar for dei kommunalt tilsette i leirskulen som er dagleg administrert av UWC Connect på Hauglandssenteret.

Fjaler kommune er vertskommune for PPT, Ytre Sogn og Sunnfjord som er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Høyanger, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

Eining	Leiar	Om eininga	Årsverk	Barn elevar
Oppvekst Administrasjon	Kjell R. Stien		1	
Dingemoen skule 1-7 og 8-10	Eli-Terese Sande		43,3 (Inkl SFO) 2,8 i vaksenopplæring	SFO 68 1-4 klasse 87 5-7 klasse 73 8-10 klasse 101
Flekk skule og barnehage	Ingvard Flekke		12 skule 10 barnehage	39 36
Våge skule	Konstituert rektor Stein Erik Grytøyra		11,5 (ink SFO)	43
Våge barnehage	Kristin Hellebust Strømberg		6,5	20
Yksnebjør barnehage	Turid Straume		19	54
PPT	Berit Bjørnsen	Felleskontor for 5 kommunar	7,8	92
HAF Kulturskule	Mats Willemoes Systaddal	Vertskommune Hyllestad	19	270 tilsaman i AFH.
Elvetun barnehage	Anny Holm styrar		14	49

Overordna mål

Jamfør samfunnsdel i Kommuneplan skal Fjaler kommune ha som mål:

«Barn og unge skal kunne føle tilhøyre og ha framtidsutsikter i kommunen»

Vidare skal vi kunne oppfylle måla i FN sin barnekonvensjon: FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane.

Berekraftsmål nr. 4, «God utdanning», har som målsetting å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje mogelegheiter for livslang læring for alle.

Fjaler kommune skal vere ein god stad å bu og leve i, gjennom heile livet. Kommunen vil sikra dette gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar

Utvalde resultat

Fellestenester 200: er overforbruk i høve løn. Dette skuldast at tillitsvald i Utdanningsforbundet har fått utvida stilling. I tillegg til lønsoppgjer med større resultat enn budsjettert.

Det er også overforbruk i høve drift. Gjeld Straumutgifter til gamle Fjaler ungdomsskule og Skyss særskilte føremål. Vi har mellom anna måtte nytte taxi til skuleskyss for nokre elevar.

Dingemoen skule 210 : Har jobba mykje med 10-faktor i personalgruppa, og kvar avdeling har utarbeidd tiltaksplan for å nå kjenneteikn på glansbilete.

Inkluderande praksis:

Vi jobbar mykje med åtferd og handtering av åtferd. Har hatt felles kompetanseheving i samarbeid med RVTS: Trygge vaksne med trygge relasjonar og reaksjonar i skulen. Har fått auka fokus på å forstå og møte åtferd.

BTI – god nytteverdi for teama å få drøfte utfordringar med fleire enn PPT.

Frå elevundersøkinga les vi at:

- Det er god trivsel får elevane
- Dei får god støtte og hjelp frå vaksne, både heime og på skulen
- Dei opplever tydelege og trygge vaksne på skulen og tydelege reglar
- Det er lite interesse for skulearbeid
- Lite eigarforhold til vurdering av skulearbeid
- Låg motivasjon for skule
- Dårleg tilbod om skulehelseteneste

Flekk skule og barnehage 211: Lønn til vikarar i barnehagen er den budsjettposten som er hovudårsaka til overforbruket. Dette vart underbudsjettert. Mykje har vi fått att i refusjonar, men ikkje alt. I barnehage har vi og 100 000,- over budsjett i fastlønn.

Tidleg innsats har blitt sett inn, men ikkje fått øymerka midlar.

Skule og SFO går over i kvarandre. Ligg over i teneste 20200 og under på 21500.

Truleg spelar lønsoppgjeret ei rolle òg. Det vart betre for dei tilsette enn det som vart budsjettert.

Elevundersøkelsen viser god trivsel for elevane.

Bygningar og inventar: Utfordringa for Flekke skule og barnehage er plassmangel. Det vil i åra framover verte forholdsvis stor vekst i tal barn per årskull som soknar til skulen og barnehage. Vi har no ei brakke på «lånt» tid. Den avlastar mykje. Vi vil i åra framover sannsynlegvis ikkje greie å gje tilbod til alle som ynskjer plass i Flekke barnehage.

Det ytre vedlikehaldsbehovet på kledning og vindauge på hovudbygningen er ganske prekært. Gjerde mot sjøen på skuleplassen er ikkje kome opp att. Elevane er flinke og respekterer grenser for kor dei kan gå, men det er ein risikosport.

Dei fleste undervisningstavlene er gamle og slitte. Treng fornying her. Likeins har vi fått beskjed om at dei fleste elev-pc-ane våre er for gamle, og kan risikere at dei ikkje er kompatible frå oktober.

Våge barnehage Avviket i budsjettet har i hovudsak vore på bemanning. Vi har både i 23 og 24 hatt utfordringar med å få tak i vikar. Det har vore naudsynt å ta i bruk vikartenester frå Reto reinhald og Vevang produksjon på reinhald og bemanning i barnehagen. Dette har ført til store kostnader, men har vore naudsynt for å oppretthalde drift.

Yksnebjør barnehage Systematisk fokus på inkluderande skule- og barnehagemiljø. Språk og språkstimulering . Utgifter, mykje på vikarar

Viktige hendingar

Våge skule har vi hatt vanskar i høve å rekruttere rektor. Mellombels tilsett rektor avslutta engasjementet i juni månad. Frå august fekk vi inn ny rektor. Ho var rektor i to månader. Under prosess med å søkje etter ny i stillinga vart det konstituert han som er miljøterapeut ved skulen..

Våge barnehage: Der har vi hatt utfordringar i høve kortidssjukemeldingar frå personale, noko som har ført til at vi har i perioder hatt redusert opningstid, samt at vi har måtte stenge barnehagen nokre dagar.

Dingemoen skule har hatt vanskar i høve administrativ leiing. Avdelingsleiar 1-4 klasse slutta i juni månad og det har teke tid å fått in ny i stillinga. Rektor var sjukmeldt store delar av hausten. Assisterande rektor slutta i stillinga si og vi har arbeidd med ny rekruttering. Dette har vi lykkast med og frå hausten 2025 er vi ein administrasjon ved Dingemoen med avdelingsleiarar på kvar avdeling. Vi ser fram til å få auka fokus på pedagogisk utviklingsarbeid.

Yksnebjør barnehage har til tider hatt mange kortidssjukemeldingar og vanskar med å skaffe vikarar. Dette har ført til slitasje for dei dei tilsette. Vidare har dei mangla pedagogisk leiar i ei stilling samt barnehagelærarar.

Flekke skule og barnehage: Vi har hatt ekstra fokus på sosial kompetanse, samt å finne fellesskapsfølelsen for alle i eininga.

Uteplassane våre har fått ei kraftig oppgradering. Takka vere god støtte frå Sparebankstiftinga Fjaler.

PPT Med bakgrunn i endringar knytt til Statped og PPT si rolle/mandat, har PPT i lag med fagrådet leigd inn konsulent frå KS agenda. Målet er å tydeleggjere kva som ligg i rolla og mandatet til PPT og korleis handheve dette. Prosjektet er forankra i kartlegging som vart gjennomført i regionen, Ståstadsanalysen til PPT og kartlegging knytt til forventningar einingane i regionen har til PPT. Oppstart i august 2024 og varer ut våren 2025. Dette vil vere tema på både kommune- og einingsnivå.

PPT har i lag med KS konsulent og hatt oppfølging frå dei med fokus på leiarstøtte til organisasjonsutvikling i tråd med nye styringssignal om PP-tenesta si nye rolle ut mot barnehagar og skule. KS har vore med på å bidra til at PP-tenesta skal få ein berekraftig teneste for framtida. PP-tenesta har gjennomført og er i utviklingsprosess i tre fasar:

Våge barnehage: Vi har hatt utfordringar med å rekruttere tilsette med relevant barnehagelærarutdannig. Dette er løyst ved å gje dispensasjon frå utdanningskravet. Det er i samråd med oppvekstsjef og personalsjef gitt utdanningspermisjon og utgiftsdekning til ein tilsett som ynskje å ta utdanning. Dette vil på sikt løyse utfordringa i forhold til kvalifisert bemanning, vedkomande har søkt og tek sikte på å starte utdanning hausten 2025.

Styrar starta hausten 2024 på styrarutdanning og vil være ferdig desember 2025.

Pedagogisk leiar og fungerande stedforteder har søkt og vil starte styrarutdanning hausten 2025.

Vi har i barnehageåret 24/ 25 i samarbeid med Våge skule hatt ein praksiskandidat som tek fagbrev i barne og ungdomsarbeidarfaget. I barnehage året 2023/24 har vi og hatt lærling som tek fagbrev vår 2025

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
200-Fellestenester oppvekst	14 847	16 677	15 262	-1 415	-9,3 %
201-HAFS Oppvekst	0	0	0	0	0,0 %
210-Dingemoen Barne- og ungdomsskule	36 269	35 960	38 689	2 729	7,1 %
211-Flekk skule og barnehage	16 802	17 193	16 726	-467	-2,8 %
214-Våge Skule	11 054	11 796	12 083	287	2,4 %
260-PPT	2 095	2 390	2 553	162	6,4 %
270-Yksnebjør Barnehage	13 516	13 211	13 763	552	4,0 %
272-Våge barnehage	5 015	4 646	4 809	163	3,4 %
Sum	99 600	101 873	103 884	2 012	1,9 %

Kommentar til status økonomi

200 Fellestenester: er overforbruk i høve løn. Dette skuldast at tillitsvald i Utdanningsforbundet har fått utvida stilling. I tillegg til lønsoppgjer med større resultat enn budsjettet.

Det er også overforbruk i høve drift. Gjeld straumutgifter til gamle Fjaler ungdomsskule og Skyss særskilte føremål. Vi har mellom anna måtte nytte taxi til skuleskyss for nokre elevar.

211 Flekke skule og barnehage Utgifter til vikarar er høg.


For dei andre einingane ligg vi under revidert budsjett

Oppsummering tiltak

Vi held på med eit prosjekt der vi arbeider med innsparingar i skule og barnehage.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Fjaler 2023	Fjaler Kostragruppe 2024	05
Prioritet			
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri **)	22 055	22 340	20 478
Netto driftsutgifter i prosent 202 grunnskole (B)	18,7 %	19,5 %	16,3 %
Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B) **)	496	471	647
Netto driftsutgifter per innbygger (223) skoleskyss (B) **)	223	360	461
Netto driftsutgifter per innbygger 1- 5 år i kroner, barnehager **)	252 803	242 093	249 726
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år **)	147 602	153 357	137 559
Dekningsgrad			
1.-4. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	8,9 %	9,0 %	15,6 %
5.-7. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	35,2 %	34,7 %	22,9 %

Årsmelding 2024

8.-10. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	24,0 %	23,1 %	23,7 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,0 %	5,8 %	9,9 %
Kvalitet			
Lærertetthet 1.-4. trinn	7,8	8,4	
Lærertetthet 5.-7. trinn	12,7	16,2	
Andre nøkkeltal			
Andel lærere i heltidsstilling	75,8 %	77,6 %	71,1 %
Andel lærere som er 40 år og yngre	53,0 %	50,7 %	44,6 %
Andel lærere som er 60 år og eldre	7,6 %	10,4 %	9,9 %
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere	7,0		
Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning	0,0 %		
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning			
Innvandrere i arbeid (prosent)	31,1 %		
Netto driftsutgifter (202)	57 633	59 810	1 912 827
Grunnskole			
Netto driftsutgifter (215)	1 669	1 571	78 807
Skolefritidstilbud			

****)** Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,06 %	5,39 %	7,45 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,57 %	4,83 %	8,40 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,91 %	5,22 %	8,13 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,82 %	6,13 %	8,95 %

Status sjukefråvær og HMS

Fjaler oppvekst hadde eit samla sjukefråvær på 8,95%, litt høgare enn for 2023 (8,1%). Høgast langtidsfråvær har vore i barnehagane på Yksnebjør og Våge. Flekke skule og barnehage er dei som ligg lågast når det gjeld sjukefråvær.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Både skular og barnehagar arbeider aktivt med sjukefråvær. I Våge barnehage har vi hatt hjelp frå NAV arbeidslivssenter. Dette arbeidet er enno ikkje avslutta. 10- faktor arbeidet vårt skal også vere med å avhjelpe på sjukefråvær.

Helse og Omsorg

Beskriving av tenestekområde

Helse og omsorg er delt inn i sju einingar: Tenestekontor/felles-teneste, heimetenester, sjukeheim, miljøteneste, helsetenester, HAFS barnevern-teneste og NAV. I tillegg ligg utgifter til kjøp av VTA plasser hos Vevang dagsenter. Vi har og interkommunal legevakt og krisesenter. Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg.

Overordna mål

Helse og omsorg har som overordna mål å i ivareta innbyggjarane våre på best mogeleg måte og yte forsvarlege tenester på alle nivå. Som del av dette, ynskjer vi å;

- utvikle gode samhandlingsrutinar mellom einingane i helse og omsorg og andre sektorar i Fjaler kommune som sikrar heilheitleg og koordinert innsats for innbyggjarane
- tilby rett behandling på rett nivå som gjev gode helsetenester
- sikre ein trygg oppvekst og skape sosial og økonomisk tryggleik og fremje arbeid og aktivitet
- ha målretta arbeid innan rekruttering og kompetanseheving
- vidareutvikle velferdsteknologi

Utvalde resultat

4 Bemanning og kompetanse

4.1 Årsverk

Eining	Årsverk	
	2023	2024
Fellesteneste	16 årsverk	16 årsverk
Heimeteneste	19,71 årsverk	19,71 årsverk
Sjukeheim	37,91 årsverk	ca. 38 årsverk
Miljøteneste	26,9 årsverk	28 årsverk
Helseteneste		
Psykisk helse	4,65 årsverk	4,45 årsverk (frå november 3,45 årsverk)
Helsestasjon	3,3 årsverk	3,26 årsverk (reelt 2,46)
Legekontor	5 årsverk (utan LIS 1)	3,2 fast årsverk (+2,0 legevikarar)
Fysio – ergoterapi	5 årsverk	5,0 årsverk *(Reelt det meste av året 4,0 årsverk)
Barnevernteneste	10 årsverk	10 årsverk
NAV Fjaler	2 kommunale årsverk	2 kommunale årsverk.

•

○

Auke på 1,18% i miljøtenesta grunna auka vedtak.

Helsestasjonen; dette er dei reelle årsverka då dei har gått med 0,8 årsverk redusert i heile 2024.

Fysio/ergo; har det meste av året hatt ein fysioterapeut mindre. Dette grunna ein kombinasjon av langvarig rekrutteringsprosess og sjukefråvær

Rekruttering og kompetanse

Alderssamansetjinga er høg, særleg blant helsefagarbeidarar. Det er eit kontinuerleg arbeid med tiltaka i kompetanse- og rekrutteringsplan for helse- og omsorg.

Sjukefråvær – Status og tiltak

	Totalt sjukefråvær	Korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Helse og Omsorg 2024	10,73%	1,73%	9%
Helse og omsorg 2023	11,77%	2,56%	9,21%
Fjaler Kommune 2024	9,63%	2,18%	7,44%
Fjaler kommune 2023	9,51 %	2,64 %	6,87 %

Sjukefråværet for helse og omsorg er redusert samanlikna med fjoråret, men er framleis for høgt. Einingane har kartlagt årsak til sjukefråvær. Dette er ulikt frå eining til eining.

Nokre tilsette uttrykkjer at dei er slitne og at vikarmangel er ein stor faktor til kvifor fleire er sjukmelde. Det høge sjukefråværet er alvorleg og må følgjast opp.

Vikarar er utfordrande få tak i, då dei som ynskjer å jobbe fullt har 100% stilling. Ved sjukefråvær vert det likevel dei faste tilsette som må dekke fråværet, i mangel på vikarar. Noko som ikkje er heldig for belastninga over tid. Dette resulterer i at når nokon vert sjukmeldt, vert dei ofte sjukmelde for ein lang periode.

Kostra

Heimetenesta:

	2023	2024
Helsehjelp i heimen	156 brukarar	160 brukarar
Praktisk bistand	57 brukarar	64 brukarar
Dagopphald på sjukeheim	31	27 brukarar
Omsorgsbustader	22 bustadar, alle i bruk. Ny bustad i Svehogen i 2023	22 bustader, alle i bruk
Dosetter	70	73
Multidose	27	25

Heimetenesta har ein auke i tal brukarar i 2024, dette i tråd med helsestrategiplanen. Mange brukarar, spesielt busette i omsorgsbustadar, treng tett oppfølging med fagkompetanse grunna fallande funksjonsnivå.

Årsmelding 2024

Vi jobbar etter BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå) og har hatt fokus på rehabiliteringsopphald på sjukeheimen, dette med godt resultat, brukarar klarar seg da lenger heime.

Sjukeheim:

	Fjaler 2023	Fjaler 2024	Kostra 2024
Brutto driftsutgifter per sjukeheims plass	1 077 610	1 101 675	1 572 442

Samanlikna med både KOSTRA-gruppa og landet, har vi svært låge kostnader per sjukeheims plass.

Fjaler sjukeheim har 35 pasientrom, og i tillegg 5 rehabiliteringshyblar.

Dekningsgrad	2021 (36 rom)	2022 (35 rom)	2023	2024
Dekningsgrad totalt på institusjon	89,66%	80,4%	71,9%	87,83%
Dekningsgrad totalt på institusjon + rehab.hybler	84,70%	80,9 %	64,9%	77,1%
Avlastningsdøgn		562 døgn	620 døgn	1308 døgn
Korttidsopphald	50 opphald (Av desse var 30 rehabiliterings opphald)	96 opphald (av desse var 68 rehabiliteringsopphald)	54 opphald (av desse var 42 rehabiliteringsopphald)	50 opphald (av desse var 36 rehabiliteringsopphald)
Fast opphald	21 brukarar	29 brukarar	25 brukarar	24 brukarar
Venteliste fast opphald	Under 5 brukarar	1 brukar	0 brukarar	2 brukarar
Overliggedøgn i spesialisthelsetene sta	1 døgn	0 døgn	0 døgn	1 døgn
Kjøp av institusjons plass i andre kommunar	0 %	0%	0%	0%

Årsmelding 2024

Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim	Fjaler: 10,4% Landet u/Oslo : 10,8%	Fjaler: 10,9% KOSTRAgruppe 05: 11,8%	Fjaler: 10,1% KOSTRAgruppe 5: 11,5%	Fjaler: 9,9% Kostragruppe 5: 10,3%
Middagsombering	42 innbyggjarar	55 innbyggjarar	64 innbyggjarar	69 innbyggjarar

Sjukeheimen har ein veldig låg kostnad samanlikna med kommunar i same KOSTRA gruppe. Dette er grunna langvarig jobbing etter BEON (beste effektive omsorgsnivå)-prinsippet over lengre tid. Bemanninga er tilpassa tal pasientar og ein får nytta ressursane på ein god måte.

Miljøteneste:

	Kommentar	2021	2022	2023	2024
	Inkl. barn/unge	45 brukarar	48 brukarar	49 brukarar	49 brukarar
Omsorgsbustad	8 husvære i bufellesskap	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar
Barn og unge		17 personar	20 personar	19 personar	21 personar
Støttekontakt		7 personar har innvilga støttekontakt	5 personar	5 personar	5 personar
Dagsenter Vevang	Mange har redusert tilbod grunna alder	11 personar	11 personar	11 personar	11 personar
Tilsyn alle vakne timar av ein eller to tenesteytarar inkludert BPA		8 personar	8 personar	8 personar	8 personar
VTA, arbeidstilbod Vevang produksjon	Fleire har redusert tilbod grunna alder	13	13	12	12 personar

Årsmelding 2024

Auka behov både når det gjeld somatikk og miljøarbeid som gjev auka omfang av tenester.

Helseteneste:

Psykisk helse	2022	2023	2024
Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse	39	45	37

Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse er redusert. Vi har redusert tilbodet sidan vi har redusert bemanning.

Helsestasjon	2021	2022	2023	2024
Tal fødslar	28	27	20	37

Stor auke i tal fødslar.

FysioErgo-tenesta	2021	2022	2023	2024
	3.tertial			
Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging.	268	289	311	ca.300
Tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og habilitering, heimebehandling/kvardagsrehabilitering	3615	3120	2936	2562
Tal tilviste hjelpemiddelsaker	129	102	131	110

Barneverntenesta:

Årsmelding 2024

	Fjaler 2023	Fjaler 2024
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	2,5%	2,95 %
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	2,5 %	1,9 %
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar	74%	92,3 %

Det er ei auke innan meldinga, men vi er glade for at vi no er fleire tilsette i eininga. (Har fått rekruttert og har lågare sjukefråvær enn tidlegare.

Barneverntenesta i HAFS ser at sakene ein får vert meir komplekse. Dette er resurskrevjande.

NAV:

NAV Fjaler – indikatorar	2021	2022	2023	2024
Tal søkjarar til sosialhjelp	40	47	55	67
- familiemedlemmer er ikkje medrekna				
Mottakar av økonomisk sosialhjelp 18 – 24 år	0	2	7	8
Barn i familiar med økonomisk sosialhjelp	32	29	30	33
Kvalifiseringsprogrammet (KVP) – tal deltakarar	4	2	2	2
- måltal 3,1 frå Statsforvalteren				

Det er framleis ein auke i tal søkjarar til økonomisk sosialhjelp, spesielt i flyktninggruppa.

Fleire slit økonomisk over tid og har i tillegg behov for økonomisk rettleiing. Også fleire i 2024 som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde.

Andre nøkkeltal

Årsmelding 2024

	2023	2024
Krisesenter totale kostnader	Kr 331 211	Kr 336 709
Kommunal akutt døgneining (KAD)	Kr 1 395 960	Kr 1 546 296

Kommunal akutt døgnseng i Førde: Lovpålagt døgnteneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

	2023	2024
Legevakt (SYS IKL)	2 518 228	2 544 072

Samarbeid mellom fleire kommunar om legevakt på kveld, helg og høgtider. Kostnadane knytt til legevakt har auka kraftig over mange år.

Viktige hendingar

Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene i 2024:

Helse og omsorg	
Arbeid med reforma Bu trygt heime (Leve heile livet)	Arbeidet som er gjort i høve reforma Leve heile livet vert vidareført i Bu trygt heime-reforma. Målet er å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester vert utsett gjennom betre planlegging, førebygging og meir målretta tenester. Satsinga er tverrfagleg og har fire innsatsområde: • Levande lokalsamfunn • Bustadtilpassing og planlegging • Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar • Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande
Velferdsteknologi	Prosjektet «Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting» gjennom e-helse Vestland vart avslutta 31.12.24. Fjaler har fått 100.000 til å vidareføre prosjektet, med hovudfokus på opplæring og rutiner for korleis vi kan bruke spel-teknologi på tvers mellom helse, omsorg og oppvekst. Det har til tider vore utfordrande å drive prosjektet, m.a. grunna ressursutfordringar i miljøtenesta. Bruk av mobil tryggleiksalarm og GPS har auka i 2025. Rammeavtale på velferdsteknologi har vore på anbod, ny 2-årig avtale med NetNordic Omsorg vart signert i desember. I 2024 har det vore fokus på å auke brukarar av multidose i einingane, med mål om å komme i gang med multidosedispenser i 2025. Det er sett ned ny ressursgruppe for velferdsteknologi som skal jobbe med innføring av multidosedispenser i heimetenesta i 2025.
Velferdsteknologi til barn og unge	Fjaler er ein av fleire spydspisskommunar i e-helse Vestland sitt program for Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Programmet er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram NVP, med varigheit ut 2024.
Kompetanseheving	Vi jobbar etter helse og omsorg sin kompetanse- og rekrutteringsplan. Vi har i løpet av 2024 utdanna ein helsefagarbeidar.

	Internundervisning innan lindrande behandling, velferdsteknologi og avvikshandtering i fleire einingar. Felles basisopplæring for ferievikarar, og evaluering etter avslutta sommarjobb. ABC : 3 tilsette i miljøtenesta gjorde ferdig Mitt Livs abc, perm 1. 4 tilsette i heimetenesta gjorde ferdig Demensomsorgas ABC, perm 1.
Rehabilitering og habilitering	I helsestrategiplanen er rehabilitering og habilitering nokre av dei viktigaste prioriteringsområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg.
Oppvekstreforma – førebyggjande plan for barn og unge	For å sikre at vi når måla som er sett i førebyggjande plan for barn og unge er det gjort ei omfattande satsing på BTI – modellen som felles verktøy. Modellen implementerast i perioden 2024 - 2027 i alle tenester som jobbar med barn, unge og familiar i heile Fjaler kommune. Modellen sikrar sterk auke i tverrfaglag og tverretatleg samhandling og tidleg innsats når barn eller unge treng hjelp. BTI – rettleiaren som verktøy blei kjøpt inn i november 2024 og er under redigering før den i løpet av siste del av 2025 skal iverksettast som verktøy i kommunen.
Samhandling mellom kommunen og spesialisthelsetenesta	Tenestesamhandling mellom Helse Førde og NAV-region Sunnfjord. Arbeid med helsefellesskap, gode pasientforløp og evaluering av samhandlingsavtaler. Miljøtenesta har eit løpande samarbeid med vaksenhabiliteringstenesta innan kap. 9 og miljøarbeid.
Handlingsplan for sjølvmondsførebyggjande arbeid	Kommunen har gjennomført vedtekne tiltak og fått auka kompetansen hjå fleire tilsette.
TØRN prosjekt	Fjaler Sjukeheim deltek i eit læringsnettverk i regi av KS, Tørn prosjekt. Prosjektet starta i februar 2024 og pågår til mars 2025. Prosjektet omhandlar korleis kan vi ruste oss for framtida, med trongare kommuneøkonomi, fleire eldre og færre helsepersonell. Her ser vi blant anna på oppgåvedeling i eininga og korleis vi kan bruke kompetansen på rett måte. Prosjektgruppa er samansett av tilsette i eininga.

Rekruttering	Gjennom 2024 har vi hatt legevikarar i dei to ledige heimlane på legekantoret då vi ikkje har klart å rekruttere til dei to stillingane. Vi har fortsatt ikkje tilsett psykolog, men har ei mogleg avtale om interkommunalt samarbeid som trer i kraft i løpet av 2025. Barneverntenesta har i lang tid hatt utfordringar med å rekruttere sosialfagleg kompetanse, men i løpet av 2024 har vi heldigvis fått tilsett fleire. Vi vil få stort behov for helsefagarbeidarar framover grunna høg alder på mange tilsette i fleire einingar. Utfordringar i høve rekruttering av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og vernepleiarar.
Arealutfordringar/ lokale for helsetenester	Jobbar med forprosjekt for omsorgsbustader og leige lokale i gamle bankbygget for legekantor, psykisk helse og helsestasjon.
Auke i tal søknadar økonomisk sosialhjelp og behov for økonomisk rettleiing/gjeldsrådgiving	Høge og aukande prisar fører til aukande behov for sosialhjelp. I tillegg er det auke i tal flyktningar som ikkje er i arbeid eller utdanning ved avslutta introduksjonsprogram.
Demensomsorg	Satsingsområde i fleire einingar.
Habilitering/rehabilitering	Satsingsområde i fleire einingar.
Utvikling av heimetenestene	Heimetenesta ser ein auke ikkje berre i tal tenester, men og i behov for auka kompetanse. Vi ser at pasientar vert raskare skrivne ut frå sjukehus med større hjelpebehov enn tidlegare. Det vil bli fleire heimebuande som treng tettare oppfølging. Dette fører til behov for fleire tilsette med rett kompetanse, samt tettare samarbeid med sjukeheim/fysioterapi i høve opptrening og rehabiliteringsopphald.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
400-Fellestenester Helse	10 414	11 626	10 399	-1 227	-11,8 %
401-Heimetenesta	20 878	19 225	20 228	1 003	5,0 %
402-Fjaler Sjukeheim	33 150	30 824	31 967	1 143	3,6 %
403-Miljøtenesta	28 779	29 320	30 286	965	3,2 %
404-Helseteneste	23 633	23 441	25 895	2 454	9,5 %
405-HAFS Barnevernsteneste	6 377	7 414	6 286	-1 128	-17,9 %
406-NAV	3 255	4 096	4 314	218	5,1 %
Sum	126 486	125 945	129 374	3 429	2,7 %


Kommentar til status økonomi

Tal frå rekneskapen viser eit underforbruk på 3 429 kroner, dette er 2,65 % avvik. Einingane har hatt stort fokus på økonomistyring gjennom heile året og leiarane har teke eit stor ansvar for å redusere utgiftene. På nokre kontoar er det overforbruk (til dømes fosterheimsgodtgjersle i barnevern og overtid i fleire einingar). Miljøtenesta, helsetenesta, heimetenesta og sjukeheim har underforbruk. Dette er grunna noko høgre tilskot for ordninga innan ressurskrevjande tenester enn forventa. Sjukeheim har eit underforbruk grunna mindre tal pasientar enn forventa, og einingane har tilpassa bemanninga etter behovet. Fleire einingar har delt på ressursar og dette fører til reduserte utgifter.

Oppsummering tiltak

- Ein lyser ut kontinuerleg etter rett kompetanse
- Jobbe med rekruttering
- Har hatt ei vurdering av organiseringa i ulike einingar
- Opplæring til teamleiarar om innleige
- Samhandle med løn og personalavdeling om arbeidsavtalar
- Kompetanseheving innan turnus
- Fokus på å redusere overtid
- Jobbe med sjukefråvær

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

KOSTRA Nøkkeltal

	Fjaler 2023	Fjaler Kostragruppe 2024 05	
Prioritet			
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	21,5 %	29,7 %	46,0 %
Produktivitet			
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 077 610	1 101 675	1 580 283
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 526	4 631	5 290
Dekningsgrad			
0 - 66 år Heimeteneste	35,5	36,9	32,4
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			
67-79 år Heimeteneste	121,8	111,9	78,9
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	10,1 %	9,9 %	10,3 %
I alt Heimeteneste	71,1	74,6	57,9
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			
I alt Institusjonstenester	17,4	15,7	11,8
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			
over 80 år Heimeteneste	381,0	423,6	300,5
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			
Kvalitet			

Årsmelding 2024

Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av lege siste år	94,7 %	44,4 %	65,6 %
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,65	0,45	0,56
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	478,2	466,5	464,1

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,03 %	5,04 %	7,07 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,26 %	8,49 %	11,75 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,56 %	9,21 %	11,77 %
Årleg sjukefråvær 2024	1,73 %	9,00 %	10,73 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet for helse og omsorg er redusert samanlikna med fjoråret, men er framleis for høgt. Einingane har kartlagt årsak til sjukefråvær. Dette er ulikt frå eining til eining.

Nokre tilsette uttrykkjer at dei er slitne og at vikarmangel er ein stor faktor til kvifor fleire er sjukmelde. Det høge sjukefråværet er alvorleg og må fylgjast opp.

Vikarar er utfordrande få tak i, då dei som ynskjer å jobbe fullt har 100% stilling. Ved sjukefråvær vert det likevel dei faste tilsette som må dekke fråværet, i mangel på vikarar. Noko som ikkje er heldig for belastninga over tid. Dette resulterer i at når nokon vert sjukmeldt, vert dei ofte sjukmelde for ein lang periode.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Det jobbast kontinuerleg og systematisk for å redusere sjukefråvær både overordna, på einingsnivå og med kvar einskild arbeidstakar.

Det blir gjennomført både kortvarig og langvarig tilrettelegging etter behov der det er mogeleg i høve drifta. For einingar med få tilsette som jobbar i turnus vert det no ein gjennomgang av turnus (halvtårsevaluering) og moglege endringar i stillingar både når det gjeld storleik og vakttyper knytt til individuelle behov. Stort fokus på tilretteleggingstiltak slik at den tilsette kan komme tilbake i arbeid, men i einingar med mange ulike typar tilsettingar kan det vere utfordrande å få alle oppgåver gjort. Det er ein balanse å gje tilrettelegging, samstundes som dei andre tilsette ikkje skal få for mykje belastning.

Tilrettelegging på arbeidsplassen m.t.p arbeidstid , arbeidsoppgåver.

Oppfølgingsamtale med den tilsette og oppfølgingsplan

Dialog med Nav. Kjenne til ulike lønnsstilskuddordningar.

Kultur og samfunnsutvikling

Beskriving av tenesteområde

Består av folkebiblioteket, frivilligsentralen med BUA + 2 volontører, folkehelsekoordinator, integreringstenesta og kulturkontoret.

Folkehelsekoordinator skal jobbe på tvers av alle sektorane. Stillinga var vakant grunna permisjon fram til august. Etter dette har koordinatoren jobba i 50% stilling.

Integreringstenesta har hatt to stillingar i 100%, 1 stilling i 80% og så har hatt ein person inne i ca 6 mnd med ei 60% stilling.

Både folkebiblioteket, kulturkontoret (kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling) og frivilligsentralen har ei 100% stilling kvar.

Samla operative stillingar for heile avdelinga har vore ca 6,5 i 2024.

Eininga har hatt driftsansvar for følgjande bygg:

- Badet (avtale med Kringlebua)
- Gamle skulehuset (avtale med Jakob Sande-selskapet)
- Gamle kommunehuset (andre og tredjehøgda vert leig ut til kunstnarar og kulturaktører, Studio Nova vert leigd ut til lag/organisasjonar og barnebursdagar i regi av Frivilligsentralen)
- Samvirket (avtale med PreForm på deler)
- Dansesal og skytehall ved Fjalerhallen (avtale med Dale skyttarlag og skytehall. Dansesalen vert lånt ut til kulturskulen, Lavik karateklubb, Dale IL, vaksinerings, Fjaler serniordans, trening barselgruppe og UWC)
- Fjalerhallen (avtale med driftselskapet Dingemoen)
- Naustet i Badevika (i samarbeid med Badevika vel)
- Dagsturhytta på Bygdeheia (driftsavtale med Fure IL)
- Straumsnes grendehus (avtale med Straumsnes grendelag)
- Guddal grendehus (avtale med Guddal grendelag) Vi arbeider etter hovudmåla i samfunnsplanen der særleg desse tre hovudmåla er viktige:

Overordna mål

Følgjande mål i samfunnsdelen er aktuelle for eininga:

Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår

Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap.

Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad.

Aktuelle planar:

Kulturminneplan for Fjaler 2019-2023 (vidareført)

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2022-2026

Utvalde resultat

INTEGRERING:

- Fjaler kommune vart vart anmoda om og tok imot 20 flyktningar i 2024. Alle desse var frå Ukraina.
- 12 av desse var vaksne og 8 av desse var barn. 2 av borna var barnehagebarn.
- Vi har busett rundt 100 flyktningar sidan 2015 som framleis bur i kommunen. Halvparten av desse er barn.
- Vi har ei utfordring med å finne bustader og jobbar mykje med å finne eigna stader.
- Dei fleste som kjem startar på norskopplæring. I tillegg til denne undervisninga så ynskjer å få dei ut i språkpraksis på ein arbeidsstad. Dette både fordi dei då får arbeids-praksis men også fordi ein lærer språk på ein annan måte. Mange bedrifter er flinke til å ta imot - men vi har utfordring med å finne eigna språkpraksis til alle.

SAMVIRKET:

2024 var det fyrste året for full drift av Samvirket som møteplass og kulturhus. Det er fritvilligsentralen som er ansvarleg for utlån og drift av møteplassen, i tillegg til Bua. PreForm leiger og drifter storsalen og vi har funne ei bra samarbeidsform. Vi vil bruke 2025 på å lage ein samarbeidsavtale.

Vi har brukt året til å prøve ut ulike konsept og vi ser at huset er veldig attraktivt å bruke. Det var opprinneleg sagt at møteplass skulle vera mest for ungdom, men vi har erfart at det er mange grupper som ynskjer å bruke huset og har opna for dette.

Døme på faste aktivitetar i Samvirket er:

- Kravlekafê (babytreff for foreldre i permisjon)
- 5-7 klubb (juniorklubb for 5.-7. klasse)
- Laptopkafê (møteplass for dei som har heimekontor)
- Språkkafê (for elevar i vaskenopplæringa og frivillige)
- Allsong for pensjonistar (drifta av kulturskulen)

Viktige hendingar

Etablering av Nytt AS:

Fjaler kommune, Sparebankstiftinga Fjaler og næringslivet gjennom Fjaler Næringsutvikling har siste året jobba med å finne gode løysingar på korleis ein kan etablere eit samfunns og næringsutviklingsselskap. Dette har vore mogeleg gjennom ei stor støtte frå Sparebankstiftinga Fjaler. Fjaler kommune er også inne med ein del.

Det var sett ned ei gruppe som skulle vera med å utvikle dette selskapet beståande av politikarar og administrasjon frå Fjaler kommune og representantar frå næringslivet. Det vart bestemt at det var viktig og ein hadde midlar til å lyse ut stillingar knytt til desse tre felt: næringsutvikling, kommunikasjon og samhandling.

Nytta AS skal bidra til skape berekraftig og positiv vekst i næringslivet og lokalsamfunnet gjennom å utnytte dei fortrinna og ressursane vi har i Fjaler og regionen.

Selskapet vert operativt frå andre halvdel 2025 og vil gje gode forutsetningar for god utvikling på mange felt.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
350-Flyktingetenesta	-4 146	-5 660	-5 667	-7	-0,1 %
500-Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling	5 924	5 571	5 549	-22	-0,4 %
Sum	1 779	-89	-118	-29	-24,5 %

Kommentar til status økonomi

Har halde budsjettet veldig bra. Dette er fyrste året vi har laga budsjett og følgd opp dette for integreringstenesta. Har hatt god oppfølging undervegs - og har justert der det er mogeleg å justere.


Oppsummering tiltak

Vi har jamleg fokus på økonomi og har også jobba godt med budsjett.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	0,78 %	3,43 %	4,22 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,86 %	1,10 %	2,96 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,63 %	5,85 %	7,48 %
Årleg sjukefråvær 2024	1,28 %	10,77 %	12,05 %

Status sjukefråvær og HMS

Einigane er for små til å kunne kommenterast.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Det har vore fokus på førebyggjande tiltak og ikkje ha for høg arbeids-belastning over tid.

Teknisk

Beskriving av tenestekområde

Teknisk kontor består av teknisk kontor, reinhaldssentralen, driftssentralen og brannvesenet.

Eining	Årsverk
Teknisk kontor	8

Driftssentralen	5
Reinhaldssentralen	10 + tilkallingsvikarar
Brannvesenet	16 deltidstilsette

Overordna mål

Teknisk skal bidra til at Fjaler er ei god og trygg plass å bu og yte gode og forsvarlege tenester

- Oppdaterte planverk som legg til rette for utvikling og som ivaretek innbyggjarane sin samfunnstryggleik. Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap
- Effektiv drift og forvaltning av tenester
- Tilpasse forvaltning og drift til forventa klimaendringar og miljøomsyn

Utvalde resultat

Rekruttering og kompetanse

Rekruttering av reinhaldarar, spesielt vikarar, har vore utfordrande dei siste åra. I 2024 hadde ein vakanse på teknisk kontor både på plan, VVA og byggjesak over fleire månadar. Det er og få kvalifiserte søkjarar til ingeniørstillingar på kontoret. Ein ser og at ein «taper» tilsette til private bedrifter ofte med årsak i eit mykje høgare lønnsnivå.

Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følgje opp. Det er og ressurskrevjande å følgje opp alle prosjekt og saker på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshandsamingstid.

Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg

Ei gjentakande utfordringar er drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følgje opp denne forvaltninga. Budsjettramma er auka noko, men det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering. Høge kostnader til vintervedlikehald gjev mindre til sommarvedlikehald.

Sjølvkostområde vatn, avløp og feiing

Etterkalkylen for vatn 2024 viser et overskot på 112 704. Ved utgangen av året er sjølvkostfondet lik kr 1 966 616.


Årsmelding 2024

For avløp er det eit underskot på 148 293. Ved utgangen av året er sjølvkostfondet lik kr 564 306.

Feiing har eit underskot på 60 594. Ved utgangen av året er sjølvkostfondet lik kr 378 217.

Det vart ikkje ført renter for fonda i 23 så dei er ført i rekneskapen for 24.

Sjølvkostreglene føreset at over- og underskot normalt skal tilbakeførast eller dekkast inn innan fem år.



Sjølvkostområde private planforslag, byggjesak og oppmåling

Etterkalkylen for private planforslag viser at gebyrområdet subsidierast med 132 562 kr. Sjølvkostgraden er 15%. I 2023 var den 0% då det ikkje var gebyrinntekter.

Etterkalkylen for byggjesak viser at gebyrområdet subsidierast med 580 006 kr. Sjølvkostgraden er 68% og har gått opp 9 % sidan 2023.

Etterkalkylen for oppmåling viser at gebyrområdet subsidierast med 527 441 kr. Sjølvkostgraden er 44% og har gått opp 8% frå 2023.

I tråd med sjølvkostforskrifta har ikkje kommunen høve til å framføra systematiske underskot for gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova eller matrikkellova. Eventuelle underskot på gebyrområdet må dermed subsidierast over dei frie midla til kommunekassen, ved mindre kommunen allereie har opparbeidd seg eit sjølvkostfond.

Viktige hendingar

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel vart vedtek i mars 2024 etter ein lang og krevjande planprosess. Kommuneplanen sin arealdel vil vere eit viktig og godt styringsdokument for framtida. Den gjev langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som heilskap samt for bruk og prioritering av arealressursane. Planen er bygd på og er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, og føresetnadane som blei fastsett i planprogrammet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Hausten 2024 starta ein arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunestyret vedtok oppstart av arbeidet og la framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn i desember 2024.

Kommunedelplan for Dale

Hausten 2024 starta ein og opp arbeidet med revisjon av kommunedelplan for Dale. Kommunestyret vedtok oppstart av arbeidet og la framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn i desember 2024.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
600-Teknisk Kontor	7 367	6 944	7 247	303	4,2 %
601-Reinhald	6 941	7 223	7 767	544	7,0 %
602-Teknisk Drift	12 498	7 614	8 874	1 261	14,2 %
603-Sjølvkostområda Teknisk	-147	-1 893	-2 166	-273	-12,6 %
Sum	26 659	19 887	21 722	1 835	8,4 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk har samla eit mindreforbruk på 1,8 mill (8,5 %) der det største mindreforbruket er på teknisk drift.

Teknisk kontor

Planområde ligg 130 000 over budsjett. Dette skuldast at budsjettet vart justert litt for mykje ned grunna vakanse i stillinga.

Byggesak har litt redusert lønsutgifter grunna vakanse og ei meirinntekt på byggjesaksgebyr. Samla mindreforbruk på 340 000.

Kart og oppmåling har eit mindre meirforbruk grunna litt lågare gebyrinntekt og auka utgifter til leasing og serviceavtalar.

Brannvesen har eit overforbruk på løn, utstyr og vedlikehald av bilar. Dekka inn av ubrukte midlar avsett til samarbeid/innleige. Samla innsparing på 170 000.

Reinhald

Samla mindreforbruk på 540 000 som er jamnt fordelt på dei ulike tenestekområda. Manglande vikarar ved sjukefråvær medfører noko redusert drift og intern flytting av eige personell. Gjev auka refusjon og mindrekostnad til innleige av vikarar.

Teknisk drift

Teknisk drift har eit samla mindreforbruk på 1 260 000 der størst innsparing er på kommunale bustader og drift av veg.

For kommunale bustader er det innsparing på løn då deler av den er flytta over på prosjekt, mindre utgifter til serviceavtalar og noko høgare husleigeinntekt enn budsjettert.

Innsparing på veg er grunna lite vintervedlikehald. På veglys har eit meirforbruk på 113 000 grunna behov for nye lamper, retting av feil og oppgradering samt pålegg frå BKK om utbetring av anlegga.


Det er og mindre forbruk knytt til vedlikehald og serviceavtalar på skule og institusjon samt noko større inntekt på husleige på beredskapshuset enn budsjettert.

Sjølvkostområde

Her er det eit samla meirforbruk på 272 000 i hovudsak knytt til auka kostnader til slamrømming og levering av avfall frå renseanlegget. Samtidig er det større bruk av fond enn budsjettert som gjev eit redusert meirforbruk.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Fjaler 2023	Fjaler Kostragruppe 2024	05
Prioritet			
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,00	0,00	0,38
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	9,1	6,5	17,9
Kommunalt tilskudd i kr pr. km privat vei	32 043	26 375	9 533
Produktivitet			
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	53	68	2 668
Behandlede dispensasjonssøknader (antall)	47	39	616
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	147 178	102 646	151 525
Herav energikostnader til administrasjonslokaler per kvadratmeter, administrasjonslokaler (B)	92	83	143
Herav energikostnader til førskolelokaler per kvadratmeter (B)	174	166	164

Årsmelding 2024

Herav energikostnader til institusjonslokaler per kvadratmeter (B)	164	187	163
Herav energikostnader til skolelokaler per kvadratmeter (B)	50	60	142
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	5 151	4 631	6 013
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	560,0	671,0	727,0
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr)	4 569	4 363	5 527
Kvalitet			
Dispensasjonssøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	62	65	45
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	560	671	727
Grunnlagsdata (Nivå 3)			
Energibruk komm. eiendomsforvaltn., egne bygg, fornybare kilder. kWh	2 683	2 621	134 983
Energi kostnader for kommunal eiendomsforvaltning, konsern	1 717	1 872	124 410
Kommunal vei og gate. Antall kilometer	73	96	2 306

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	1,87 %	6,94 %	8,81 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,76 %	4,32 %	7,08 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,52 %	4,56 %	7,09 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,32 %	7,52 %	9,84 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær for teknisk har auka med 2,7% frå 2023. Det ligg og godt under snittet for Fjaler. Kortidsfråværet har gått ned litt medan langtidsfråværet har gått opp ein del. Nokre av einingane har store prosentutslag grunna få tilsette. Sjukefråværet har over tid vore størst innan reinhald og er høgare i 2024 enn på lenge. Ein har hatt ein positiv nedgang i sjukefråværet på reinhald, men denne trenden har no snudd. Det har vore ekstra fokus på tiltak for å redusere sjukefråværet dei siste åra og dei har nok ein førebyggjande effekt, men samtidig så er det eit yrke som er utsett for slitasjeskader over tid. Utfordringa er størst for langtidsfråværet og korleis jobbe meir målretta med tiltak for å redusere fråværet. Stor utskifting av personal og mangel på vikarar påverkar sjukefråværet.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Tiltak for å førebygge og redusere sjukefråværet:

- Kurs i ergonomi og reinhaldsteknikk
- Innkjøp av golv vaskemaskiner
- Auka fokus på sjukefråværsarbeid på personalmøter
- Tett oppfølging og dialog med dei tilsette

- Auka fokus på oppfølgingsplan med tilretteleggingstiltak og dialogmøter med NAV og lege